Ulvik herad vart i 2015 godkjent som ein del av nettverket Cittaslow. Ei fagskuleutdanning innan Lokal matkultur i Ulvik vil vere ein styrke for kommunen for å nå dei utviklingsmåla kommunen har sett seg som cittaslow-kommue. Dette er og ein styrke for eit studie i Lokal matkultur i eit lite samfunn, i ein stor region for lokalmat og gastronomiby Bergen.

Hordaland og Vestlandet har eit breitt nettverk av lokale matbedrifter som skal nyttast aktivt i studiet.

### 1.2. Målgruppe, opptakskrav og yrkesmuligheiter

#### Målgruppe

Lokal matkultur er ei fagskuleutdanning for dei med formell utdanning innan mat og matproduksjon som ønskjer ei høgare utdanning for å bidra til kunnskap om verdiauke i alle ledd innan bransjen.

Utdanninga kan vere positiv for rekruttering til matfagutdanningane, gje fagutdanna høve til å vidareutdanne seg, fremje norsk og nordisk matkvalitet og matkultur, og vere viktig både regionalt og lokalt i vidare utvikling innan matkultur.

#### Opptakskrav

Fagskuleutdanning byggjer på vidaregåande utdanning eller tilsvarande realkompetanse jmf. Fagskulelova § 1.

Opptakskrav til to-årig teknisk fagskule:

a) fullført og greidd vidaregåande opplæring med fagbrev / sveinebrev frå relevant yrkesutdanning frå vidaregåande skule

b) eller minst 5 års relevant praksis utan fagbrev, med realkompetansevurdering i læreplanmåla som tilsvarar Vg 1 og Vg 2 i yrkesfagleg utdanningsprogram

c) søkjar som kan dokumentera at dei skal gjennomføra fagprøve etter opptaksfristen, kan verte tildelt plass på vilkår om greidd prøve

Utdanningar frå Restaurant og matfag i vidaregåande skule kvalifiserer for opptak til Lokal matkultur:

- fagbrev kokk
- fagbrev institusjonskokk
- fagbrev servitør
- fagbrev industriell matproduksjon
- fagbrev sjømathandlar
- fagbrev sjømatproduksjon
- sveinebrev bakar
- sveinebrev butikkslaktar
- sveinebrev kjøttkjærarfag
- sveinebrev konditorfag
- sveinebrev pølsemakar
- sveinebrev slaktarfag

### Realkompetanse

Bergen tekniske fagskole har ansvar for å gjennomføre realkompetansevurderinga i tråd med NOKUT-forskrifta §5 og rettleiar frå VOX. Søkjaren sin kompetanse vert vurdert opp mot læreplan i den vidaregåande opplæring innan relevante fagområde. Opptak gjort på bakgrunn av realkompetanse vil berre gjelda den utdanninga det vert realkompetansevurdert til. Opptak av studentar til Fagskolen i Hordaland skjer gjennom Nasjonalt opptakskontor for fagskolen. Dette gjev felles kvalifikasjonskrav og reglar for poengutrekning for søkjarar i heile landet. Opptak av studentar skjer berre på grunnlag av poengutrekning og rangering (realkompetansevurdering vert rekna om til poeng). Dette gjev høve til å sjå både tal og poengnivå på søkjarar ved opptak til kvar fagskuleutdanning.

### Søkjar med utanlandsk utdanning

Søkjar med fullført vidaregåande opplæring frå dei andre nordiske landa er kvalifisert for opptak når den vidaregåande opplæringa i dei respektive landa gjev generelt opptaksgrunnlag til tertiærutdanning tilsvarande norsk toårig fagskule.

### Yrkesmuligheiter

Studiet utdannar fagpersonar som kan etablere, leia og driva ei bærekraftig næringsmiddelbedrift, eller ha leiande stillingar innan serveringsstader, produksjonsbedrift, reiselivsbedrifter og daglegvarebransjen. Andre aktuelle arbeidsfelt kan vere innan

matfagleg rådgjevingsteneste, varedistribusjon, matjournalistikk og som lærarar i matfag på vidaregåande skule.

Utdanninga gjev kunnskap om gründerverksemd og er ei mellomleiarutdanning for matbransjen.

### 1.3. Mål for studiet

Studiet i Lokal matkultur skal gje studentane praktiske og teoretiske kunnskapar om alle ledd i verdikjeda, frå produksjon av råvarer fram til det ferdige måltid. Studiet består av teori og praktisk deltakande arbeid, der studentane får innsikt i kjemi, biologi, ernæring, økonomi, leing, marknadsføring, mattryggleik, regelverk, produksjon og foredling av råvarer fram til ferdig produkt. I tillegg vil studentane få innsikt i matkultur, smakslære og kommunikasjon kring mat. Studentane vil kunne formidle ei god matoppleving basert på deira kunnskap om råvarer, matkvalitet og mathistorie.

#### Overordna læringsutbytte

Læringsutbyttebeskrivingane syner det kandidatane skal kunne etter fullført fagskuleutdanning i Lokal matkultur, i form av kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse.

#### Kunnskapar

*Kandidaten:*

- har kunnskap om produksjon og fangst av råvarer til mat og foredlingsprosessar fram til ferdige næringsmiddelprodukt
- har kunnskap og forståing for smak og matkvalitet, og metodar som kan nyttast for å vurdere kvaliteten på ulike næringsmiddelprodukt
- har fagrelevant kunnskap innan ernæring, kjemi, biologi, fysikk/matematikk
- har kunnskap om matkultur og mathistorie i Norge og Norden, samt kjennskap til matkultur i andre land
- har kunnskap om fagterminologi, formidling og presentasjon av mat, matkultur og næringsmiddelprodukt
- har god kunnskap om matbransjen, kan vurdere eige arbeid og arbeida etter gjeldande regelverk knytt til næringsmiddelproduksjon, foredling og servering
- har kunnskapar om etiske, miljømessige og politiske problemstillingar knytt til mat og landbruk/ havbruk i samfunnet
- har kunnskap om bedriftsetablering, gründerverksemd og bedriftsutvikling innan matbransjen og ser moglegheit for eiga utvikling

#### Ferdigheiter

*Kandidaten:*

- kan delta i produksjon av lokale råvarer og gjennomføra foredling og fagleg handsaming av råvarene fram til ferdig produkt, i tråd med gjeldande regelverk
- kan kvalitetsbedømme næringsmiddelprodukt både subjektivt og objektivt etter gjeldande standardar
- har kompetanse og forståing for oppbygging av eit måltid, kan vurdere den rette balansen og samansetninga mellom smak, farge og næringsinnhald
- kan kommunisere og nytte fagterminologi tilpassa ulike målgrupper
- kan på bakgrunn av sin kunnskap etablera og driva ei matfagleg bedrift
- kan reflektere over sine val ut i frå sin faglege kompetanse, vurdere, korrigere og utvikle denne, samt kunne samarbeide med og rettleie andre
- kan finne og vise til faglitteratur og informasjon, samt vurdere denne opp mot fagleg forståing og problemstilling
- kan innhente informasjon om råvarer og råvareproduksjon i eit område eller region

### Generell kompetanse

#### *Kandidaten:*

- kan planleggje og gjennomføre matfaglege arbeidsoppgåver og prosjekt i tråd med matetiske krav og retningslinjer, samt gjere greie for faglege val
- kan reflektere over etiske problemstillingar knytt til verdiane god, rein og rettferdig mat
- kan nytte sin faglege kunnskap til å utvikla og driva eit matfagleg lokalt basert tilbod som kunden ynskjer og etterspør
- kan kommunisere om mat, produksjon, matkultur, kvalitet og smak overfor kunde, produsent og andre i bransjen og samfunnet
- kan nytte sin faglege kunnskap om mat, matkultur og næringsmiddelproduksjon til å utveksle synspunkt med andre i bransjen, delta i diskusjonar, samfunnsdebattar og bidra til utvikling av god praksis
- Kan formidle kunnskap om matkultur, historie og kvalitet, kunne bruke dette i næringsutvikling i ei bedrift og / eller organisasjon, og vere ein god formidlar av Lokal matkultur

### 1.4. Vitnemål og tittel

Når emna for studiet er bestått med standpunkt og eksamen, får studenten vitnemål og oppnår tittel:

#### **Fagteknikar i lokal matkultur**

På vitnemålet står alle emna som inngår i utdanninga med omfang i fagskulepoeng og vurderinga dei har fått. Læringsutbytte for heile utdanninga vert og påført på vitnemålet.

Om deler av utdanninga ikkje er bestått får studenten kompetansebevis for dei emna som er bestått.

## 1.5. Oppbygging og organisering av studiet

Studiet Lokal matkultur er på 120 fagskulepoeng og skal gje ei heilskapleg utdanning innan fagfeltet. Studiet er bygd opp med følgjande inndeling:

### 4 grunnleggjande emne (emne 1-4):

- Matproduksjon og matkvalitet
- Yrkesretta realfag
- Mat og kommunikasjon
- LØM

### 4 spesialeemne (emne 5-8) knytt til produksjon og foredling av råvarer:

- Produksjon og foredling av planter til mat
- Produksjon og foredling av kjøtt og mjølk
- Produksjon og foredling av fisk og sjømat
- Produksjon av drikkevarer

### 2 spesialiseringsemne (emne 9-10):

- Entreprenørskap
- Hovudprosjekt

Emne 9 og 10 byggjer på dei første 8 emna og skal syne totalkompetansen som studentane opparbeider seg gjennom studiet.

### Gjennomføringsplan heiltidsstudium

Utdanninga i Lokal matkultur har totalt 3600 arbeidstimar som omfattar både lærarstyrte aktivitetar og eigenstudiar. For heiltidsstudiet vert dette 1800 timar pr skuleår.

Studiestad for utdanninga er Hjeltnes, ei avdeling under Fagskolen i Hordaland. 4 veker av studiet i emne 7 vert gjennomført på Fusa i semester 2 og 3. Det vert i tillegg ein studietur i Norden og ein i Norge, lagt til semester 1 og 3. Studentane skal gjennomføra 6 veker praksis i bedrift i emne 9, lagt til semester 3 / 4.

*Tabellen syner gjennomføringsplan for heiltidsstudium med emne, fagskulepoeng totalt og fordelt på 4 semester (2 skuleår).*

Emne	Fagskule-Poeng	1. sem	2. sem	3. Sem	4. sem
1. Matproduksjon og kvalitet	14 p	14 p			
2. Yrkesretta realfag	10 p	10 p			
3. Mat og kommunikasjon	10 p	6 p	4 p		
4. LØM	10 p			4 p	6 p
5. Produksjon og foredling av planter til mat	12 p		6 p	6 p	
6. Produksjon og foredling av kjøtt og mjølk	12 p		6 p	6 p	
7. Produksjon og foredling av fisk og sjømat	12 p		8 p	4 p	
8. Produksjon av drikkevarer	12 p		6 p	6 p	
9. Entreprenørskap	18 p			4 p	14 p
10. Hovudprosjekt	10 p				10 p
<b>SUM</b>	<b>120 p</b>	<b>30 p</b>	<b>30 p</b>	<b>30 p</b>	<b>30 p</b>

**Gjennomføringsplan, nettbasert studium med samlinger:**

Utdanninga i Lokal matkultur har totalt 3600 arbeidstimar, som omfattar både lærarstyrte aktivitetar og eigenstudiar. For det nettbaserte studiet vert det 1200 timar pr skuleår, over 3 skuleår.

Eit skuleår er på 38 veker, av dette har det nettbaserte studiet 6 faste, obligatoriske samlingsveker pr skuleår. I tillegg kjem nettbasert undervisning, 6 veker praksis i bedrift, eksamensperiodar og eigenstudiar.

Samlingane på skule vert gjennomført på Hjeltnes, med unntak av 2 veker til studietur (semester 1 og 5) og 2 veker på Fusa (semester 2 og 3).

Tabellen syner gjennomføringsplan for nettbasert studie med samlingar med emne, fagskulepoeng totalt og fordelt på 6 semester (3 skuleår).

Emne	Fagskulepoeng	1. sem	2. sem	3. sem	4. sem	5. sem	6. sem
1. Matproduksjon og kvalitet	14 p	10 p	4 p				
2. Yrkesretta realfag	10 p	10 p					
3. Mat og kommunikasjon	10 p		6 p	4 p			
4. LØM	10 p				5 p	5 p	
5. Produksjon og foredling av planter til mat	12 p		4 p	8 p			
6. Produksjon og foredling av kjøtt og mjølk	12 p			2 p	10 p		
7. Produksjon og foredling av fisk og sjømat	12 p		6 p	6 p			
8. Produksjon av drikkevarer	12 p				5 p	7 p	
9. Entreprenørskap	18 p					8 p	10 p
10. Hovudprosjekt	10 p						10 p
<b>SUM</b>	<b>120 p</b>	<b>20 p</b>	<b>20 p</b>	<b>20 p</b>	<b>20 p</b>	<b>20 p</b>	<b>20 p</b>

**Arbeidsmengde og omfang**

Arbeidsmengde og omfang er likt for heiltidstudiet og det nettbasert studie med samlingar, totalt 3600 timar. Fordelinga mellom «Lærarstyrt aktivitet/retteiing» og «Sjølvestudie» er 60% og 40%, dette gjeld for baa studieformene sjølv om dei vert gjennomført ulikt.

Emnenamn Fagskulepoeng	Aktivitet	Antal arbeidstimar
<b>Emne 1:</b> <b>Matproduksjon og aktivitet</b> 14 p	Lærarstyrt aktivitet / retteiing	252 timar
	Sjølvestudie	168 timar
<b>Emne 2:</b> <b>Yrkesretta realfag</b> 10 p	Lærarstyrt aktivitet / retteiing	180 timar
	Sjølvestudie	120 timar



<b>Emne 3:</b> <b>Mat og kommunikasjon</b> 10 p	Lærarstyrt aktivitet / rettleiing	180 timar
	Sjølvsstudie	120 timar
<b>Emne 4:</b> <b>LØM</b> 10 p	Lærarstyrt aktivitet / rettleiing	180 timar
	Sjølvsstudie	120 timar
<b>Emne 5:</b> <b>Produksjon og foredling av planter til mat</b> 12 p	Lærarstyrt aktivitet / rettleiing	216 timar
	Sjølvsstudie	144 timar
<b>Emne 6:</b> <b>Produksjon og foredling av kjøtt og mjølk</b> 12 p	Lærarstyrt aktivitet / rettleiing	216 timar
	Sjølvsstudie	144 timar
<b>Emne 7:</b> <b>Produksjon og foredling av fisk og sjømat</b> 12 p	Lærarstyrt aktivitet / rettleiing	216 timar
	Sjølvsstudie	144 timar
<b>Emne 8:</b> <b>Produksjon av drikkevarer</b> 12 p	Lærarstyrt aktivitet / rettleiing	216 timar
	Sjølvsstudie	144 timar
<b>Emne 9:</b> <b>Entreprenørskap</b> 18 p	Lærarstyrt aktivitet / rettleiing	324 timar
	Sjølvsstudie	216 timar
<b>Emne 10:</b> <b>Hovudprosjekt</b> 10 p	Lærarstyrt aktivitet / rettleiing	180 timar
	Sjølvsstudie	120 timar

### 1.6. Undervisningsformer og læringsaktivitetar

Undervisningsformene i studiet skal vere relevante for fagfeltet. Det vert lagt stor vekt på å nytta varierte læringsaktivitetar og ei praktisk tilnærming i kvart emne. Det er viktig at studentane får både teoretisk og praktisk forståing av faget og bransjen.

I tillegg til fagleg utvikling skal studentane utvikle evne til samarbeid, kommunikasjon og praktisk problemløysing. Skulen føreset at studentane syner initiativ, tek ansvar for eige studiearbeid og felles læringsmiljø og syner ei konstruktiv og kritisk haldning til studieopplegget. Studentane har praktisk erfaring innan eige fagområde frå tidlegare utdanning / praksis, og dette gjev høve til å legge til rette for erfaringsbaserte og studentsentrerte læringsformer. Gjennom pedagogisk leiing skal studentane trekkast aktivt med og trenast opp til refleksjon kring eigen læringsprosess. Variasjon i val av læringsaktivitetar er naudsynt for at studentane skal oppnå heilskapleg kompetanse som omfattar både kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse.

## Undervisning i skule

Det vert førelesningar og gjennomgang av teori, spesielt knytt til presentasjon av basiskunnskapar. Til dette vert det nytta tavle, presentasjonar, video / nett, diskusjonar og dialogundervisning for å få variasjon og deltaking frå studentane.

Studiet legg vekt på å knyta teorien til praktiske demonstrasjonar, øvingar og praktisk arbeid i skulen sitt produksjonskjøkken, laboratorie og i skulen sine praktiske avdelingar. Desse aktivitetane vert gjennomført av utdanninga sine emnelærarar og fagpersonar frå bedrifter i nærområdet. For dei grunnleggjande emna vert det lagt vekt på praktiske smakstestar og kvalitetsbedømmingar og øvingar knytt til ernæring og kjemiske prosessar. For spesialemla vert det gjennomført praktisk arbeid knytt til produksjon av råvarer og foredlingsprosessar. For emne 7 om fisk og sjømat vert dette lagt til Fusa, og skulen sitt nettverk av bedrifter vert nytta inn i undervisninga.

Studiet vil nytta bedriftsbesøk til aktiv læring. Med dagsutferder har vi eit stort spekter av bedrifter som kan nyttast, både små og store matprodusentar. Hardanger, Hordaland og Vestlandet vert nytta aktivt, men vi legg vekt på at kunnskapen kan overførast og nyttast også for andre område i Norge, Norden og andre land.

Det vert ein lengre studietur i Norden lagt til emne 1 og gjennomført i 1. semester. Det vert og ein tverrfagleg studietur i Norge, knytt til emne 5-8.

Det vert nytta prosjektarbeid som læringsaktivitet i nokre tema, både individuelt og i grupper, tilpassa emna. Nokre prosjektarbeid vert avslutta med presentasjonar.

### Læringsaktivitetar i skule:

Skulen vil nytta følgjande læringsaktivitetar for at studentane skal nå overordna læringsutbytte for utdanninga:

- Lærarstyrt undervisning og førelesningar (i klasserom eller via nettundervisning)
- Praktiske demonstrasjonar med logg og refleksjon
- Praksis i skule
- Individuelle arbeidsoppgåver
- Prosjektarbeid og prosjektoppgåver (både gruppe og individuelt)
- Presentasjonar
- Bedriftsbesøk
- 2 studieturar

## Praksis i bedrift

Gjennom studiet skal studentane ha 6 veker praksis i bedrift, lagt i emne 9. Dette sikrar at opplæringa er praktisk, realistisk og relevant. Fagansvarleg ved fagskulen og praksisrettlear har det overordna ansvaret for å sikre at det vert lagt til rette for at læringsutbyttet vert nådd. Skulen føl opp studenten i praksisperioden slik at den raude tråden gjennom studiet vert ivaretatt.

Målet med praksis i bedrift er at studenten får velje seg ei spesialisering som er i tråd med studenten si hovudinteresse. Før praksis i bedrift skal gjennomførast har studenten vore gjennom dei grunnleggjande emna og spesialemna. Studenten skal i samarbeid med rettleiar, velje ei aktuell bedrift. Skulen har aktuelle samarbeidsbedrifter, men studenten kan og velje andre bedrifter, i samråd med rettleiar. Dei kan ha praksis i inntil 2 ulike bedrifter.

Praksis i bedrift skal avsluttast med logg som skildrar det dei har delteke i, samt eit refleksjonsnotat.

Hovudprosjekt, emne 10, kan innehalde praksis i bedrift, men dette er ikkje eit krav.

### Rettleiing

Det er viktig for fagleg utvikling at studentane får god rettleiing frå skulen; både for å sjå heilskapen i utdanninga og til sjølvstendig arbeid. Emnelærar vil gje tilbakemeldingar og rettleiing knytt til arbeidskrava i emnet. Det vil vere eit sett med tilbakemeldingar og rettleiingar til studentane. Studentane vil få skriftlege tilbakemeldingar i form av rettingar av oppgåver og innleveringar, fortløpande fagsamtalar direkte eller via telefon/skype og kommunikasjon via epost eller nettverksplattforma It's learning.

Studentane vil få minst ein fagsamtale pr semester mellom student og emnelærar med fokus på måloppnåing i emnet. Fagsamtalane vert gjort om lag midtvegs i semesteret slik at ein har fageig grunnlag for samtale, samtidig som det er tid og arbeidsrom for endringar eller korrigeringar.

For gjennomføring av praksis i bedrift og hovudprosjekt vert det utnemnd ein rettleiar som har hovudansvar for studenten etter kva tema som er hovudinteresse.

I emne 9 er det lagt opp til eit større gruppeprosjekt, og her vil rettleiing frå fleire emnelærarar vera sentrale undervegs i arbeidet.

Hovudprosjektet er eit stort sjølvstendig prosjektarbeid, og det vert tilrettelagt for rettleiing undervegs i arbeidet for å nå læringsutbytte. Her får studenten ein hovudrettleiar som har ansvaret for studenten, men kan i tillegg nytta fleire rettleiarar med ulik kompetanse.

### Læringsplattform

Fagskolen i Hordaland nyttar læringsplattforma It's learning, som eit digitalt klasserom der ein kan samarbeide og samhandla uavhengig av tid og stad. It's learning har funksjonalitetar til å ivareta både all informasjonsflyt, planar og fagstoff i alle fag. Plattforma har god funksjonalitet for å lage individuelle oppgåver, testar og prøvar.

Studentane vil ha si eige mappe under «status og oppfølging» der både student og lærar kan fylgje med på innlevert arbeid til ei kvar tid og fylgje opp dersom framdrifta ikkje er tilfredstillande.

I arbeid der fleire skal samarbeide (prosjektarbeid) vert det laga felles dokumentmappe for aktuelle studentar der dei kan ha samskrivingsdokument og diskusjonsgrupper. Rettleiar har tilgang til mappa og kan fylgje med på framdrift i prosjekta og gje fortløpande tilbakemeldingar.

Ved at rettleiar har tilgang til studentane sine mapper kan ein fylgje opp studentar sin produksjon og framdrift, og gje rettleiing og oppfylging dersom det er trong for det.

Studenten må disponera eigen PC og kunne nytta vanlege dokumentasjonsverktøy.

### Nettbasert studium med samlingar

På det nettbaserte studiet er det tre fysiske samlingar i semesteret der det vert lagt vekt på praktisk undervisning med demonstrasjonar, øvingar, utferd til bedrifter og studieturar. Mellom samlingane vil læringsplattforma It's learning vere hovudverktøy for struktur på studiet og faga. Der vil det bli utlagt videoførelingar og oppgåver, det vert gitt rettleiing underveis og tilbakemeldingar på innleverte oppgåver. Lærarane lagar undervisningsopplegg med førelingar og filmsnuttar som vert nytta i form av «omvendt klasserom» slik at studentane får undervisning når dei ynskjer uavhengig av kvar dei er.

Det vert og lagt opp til nettbasert klasseromsundervisning der studentane kan fylgja aktivt med og delta aktivt, eller lasta opptak (video) ned seinare som skildra ovanfor.

Studentane får tilbod om fagsamtalar med lærarane, og ein vil då i hovudsak nytte seg av Microsoft Lync (Skype) som verktøy i samtalane. Det vil både vere avtalte samtalar og faste tidsrom der dei ulike lærarane er tilgjengeleg for samtale.

## 1.7. Arbeidskrav og vurderingsordningar

For kvart emne er det sett opp arbeidskrav som må vere bestått for å få fullført studiet. I tillegg seier reglementet for Fagskolane i Hordaland, at det er krav om 80 % frammøte.

### Vurdering

Vurdering vert gjennomført med gradert standpunktkarakter for kvart emne, i samsvar med læringsutbyttebeskrivingane. Emnelærarar skal føreta ei heilskapleg vurdering av kompetansen (kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse) som studenten har tileigna seg gjennom studiet. Vurderingane vert gjort på grunnlag av arbeidskrava for emnet som bygger på innleveringar, logg, prøver og prosjekt, spesifisert til kvart emne. Det skal vere gjennomført fleire arbeidskrav enn minimumskravet, slik at det er mogleg for dei som har noko fråver å fullføre arbeidskrava. Ved gyldig fråver kan lærar legge til rette for oppsamling av t.d. emneprøver.

### Mappevurdering, emne 9

Mappevurdering er ei vurderingsform som skal sjå betre heilskap i læringsprosessen og vert nytta i emne 9. Studenten sitt arbeid undervegs vert dokumentert og samla i ei mappe, og det skal vere tett dialog mellom emnelærar og student om progresjon og utvikling i læringa. Mappevurdering vert nytta for å dokumentere at studenten ser samanhengen mellom teori og praksis på det som vert utført. Praksis i bedrift omfattar 6 veker, dokumentert med logg og eit refleksjonsnotat. Dette vert ein del av mappevurderinga.

Ved slutten av emne 9 skal studenten lage eit refleksjonsnotat om eigen progresjon og læringsprosess knytt til prosjekt i skule, som skal ligge til grunn for vurdering av oppnådd læringsutbytte i emnet.

### Hovudprosjekt, emne 10

Siste semesteret skal studentane gjennom eit hovudprosjekt, der dei skal fordjupa seg innan ein del av fagfeltet. Dette prosjektet skal helst knytast til næringa og / eller ei bedrift og kan innehalde praksis.

Hovudprosjektet vert vurdert på grunnlag av innlevert prosjekt og ei munnleg framlegging av prosjektet.

### Eksamen

Studentane på Lokal matkultur skal gjennomføra 4 eksamenar:

- LØM eksamen - sentralgitt skriftleg eksamen, emne 4
- Ein teoretisk heimeeksamen knytt til emne 5-8.
- Ein praktisk / munnleg eksamen knytt til spesialisering i bedrift, emne 9.
- Hovudprosjekt - lokalgitt, munnleg eksamen knytt til studenten sitt hovudprosjekt, emne 10.

Studentane skal sikrast ei upartisk vurdering av deira kunnskapar og ferdigheter, difor vert eksterne fagkunnige personar oppnemnt som sensor.

### Karakterskala

Det vert nytta bokstavkarakterar, frå A til F, kor A er best og F er *ikkje bestått*. Til grunn for karaktersetjing syner vi til generelle, kvalitative beskrivingar, fastsett av Universitets- og høgskulerådet, 6. august 2004.

Symbol	Nemning	Generell, ikkje fagspesifikk omtale av vurderingskriterium
A	Framifrå	Framifrå prestasjon, som skil seg klart ut. Kandidaten syner sær s god vurderingsevne og stor grad av sjølvstende.
B	Mykje god	Mykje god prestasjon. Kandidaten syner mykje god vurderingsevne og sjølvstende.
C	God	Jamt god prestasjon, som er tilfredsstillande på dei fleste områda. Kandidaten syner god vurderingsevne og sjølvstende på dei viktigaste områda.
D	Nokså god	Akseptabel prestasjon, med nokre vesentlege manglar. Kandidaten syner ein viss grad av vurderingsevne og sjølvstende.
E	Tilstrekkeleg	Prestasjonen tilfredsstillar minimumskrava, men heller ikkje meir. Kandidaten syner lita vurderingsevne og lite sjølvstende.

F	Ikkje bestått	Prestasjon som ikkje tilfredsstillar dei faglege minimumskrava. Kandidaten syner både manglande vurderingsevne og sjølvstende.
---	---------------	---

## Del II EMNE OG LÆRINGSUTBYTTE

Del II beskriv dei ulike emna i utdanninga og læringsutbytte som skal nås for studentane i kvart emne. Det er oppgitt fagskulepoeng for emnet og fagskulepoeng pr tema for å syne vektlegginga i emnet. Det er oppgitt total arbeidsmengde for emnet. Etter læringsutbytte står arbeidskrav, kort om læringsaktivitetar og vurderingsform for emne.

### Emne 1: Matproduksjon og kvalitet

**Omfang:** 14 fagskulepoeng / 420 arbeidstimar

**Tema:** Bærekraftig matproduksjon (4p)  
Aktuelle lover og reglar, internkontroll, matsikkerheit og HMT (4p)  
Matkvalitet (3p)  
Smakslære (3p)

Læringsutbytte
<p><b>Kunnskapar</b></p> <p><i>Kandidaten:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- har kunnskap om matproduksjon i Norge og Norden, og kjennskap til matproduksjon i resten av verda</li> <li>- har kunnskap om ulike produksjonsmåtar og driftsformer ved produksjon av mat</li> <li>- har kjennskap til matbalansen lokalt og globalt, samt etiske, miljømessige og politiske problemstillingar knytt til matproduksjon og landbruk/ havbruk</li> <li>- har kunnskap om lovverk knytt til mat og matproduksjon, internkontroll, HACCP («Hazard Analysis and Critical Control Point», eit internasjonalt anerkjent system for fareanalyse og risikovurdering innan næringsmiddelindustrien) og helse, miljø og tryggleik (HMT)</li> <li>- kan om ulike kvalitetskriterier knytt til næringsmiddelprodukt</li> <li>- har grunnleggjande kunnskap om smakslære (sensoriske og deskriptive metodar)</li> </ul> <p><b>Ferdigheiter:</b></p> <p><i>Kandidaten:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Kan reflektere over næringsmiddelproduksjon og sjå samanhengen mellom tradisjonar, ulike driftsmåtar og kvalitet.</li> <li>- forstår samanhengen mellom kvalitet og produksjonsmåtar innan matproduksjon, i lys av gjeldande regelverk</li> <li>- kan reflektere over yrkesetiske problemstillingar knytt til næringsmiddelproduksjon</li> <li>- kan utføre bedømmingar av smak og kvalitet på næringsmiddelprodukt</li> <li>- kan innhente informasjon om råvarer og råvareproduksjon for eit område eller region</li> </ul>

**Generell kompetanse***Kandidaten:*

- kan utveksle synspunkt om bærekraftig matproduksjon og kunne diskutere etiske spørsmål om matproduksjon med andre innan bransjen
- kan reflektere kring smak og kvalitet på produkt, både objektivt og subjektiv og i tråd med etablerte standardar

**Arbeidskrav**

Temaprøver: 3

Innleveringar/ logg: 6

Prosjektoppgåve: 1

Emneprøve: 1

**Læringsaktivitetar:**

Førelsningsar, demonstrasjonar, bedriftsbesøk, studietur, praktiske smakstestar og kvalitetsbedømmingar

**Vurderingsform:**

Karakter i emnet vert sett på grunnlag av skriftlege innleveringar og loggar frå smakstestar og bedømmingar, temaprøver, eit prosjekt knytt til berekraftig matproduksjon og ein emneprøve.

**Emne 2: Yrkesretta realfag****Omfang:** 10 fagskulepoeng / 300 arbeidstimar

**Tema:** Ernæring (4p)  
Kjemi (3p)  
Biologi (2p)  
Matematikk / Fysikk (1p)

**Læringsutbytte****Kunnskapar***Kandidaten:*

- har kunnskap om uorganiske, organiske, biokjemiske og kjemiske prosessar som er relevant knytt til mat, matforedling og tilverking.
- har kunnskap om matematikk knytt til mål og storleik, prosentrekning, forholdstal, formelrekning, og relevant matematikk og statistikk knytt til kjemi og biologi.



- kjenner til pH og syre og base-reaksjonar, temperaturpåverknad, oksidering m.m., og feilreaksjonar som kan skje med mat.
- kjenner til oppbyggnaden av karbohydrat, protein og fett og veit korleis desse vert nedbrote og tekne opp i kroppen.
- har grunnleggjande kunnskap om menneske sin anatomi, særleg knytt til fordøyelsessystemet.
- har kunnskap om dei ulike vitaminer og mineraler, kva matvarer som inneheld dei, og korleis kroppen nyttar seg av dei.
- kjenner til aktuelle enzymreaksjonane knytt til mat, helse og ernæring.
- har kjennskap til viktige mikroorganismar
- har kjennskap til ulike sjukdomar knytt til feilernæring
- har kjennskap til allergiske reaksjonar og intoleranse knytt til mat
- har kjennskap til ulike kosthaldsplanar og diettar

**Ferdigheiter:***Kandidaten:*

- kan bruke relevant matematikk for å kunne produsere mat, tilverke mat og ferdigstille den.
- kan utføre enkle kjemiske forsøk som t.d. å påvise karbohydrat, fett og protein i matvarer.
- kan kjenne igjen matvarer som har hatt feil kjemisk prosess

**Generell kompetanse***Kandidaten:*

- har grunnleggjande kjemisk, biologisk, matematisk, fysiologisk og ernæringsmessig kunnskap til å kunne bidra i næringsmiddelproduksjon på ein måte som ivaretek og hevar kvaliteten på produktet.

**Arbeidskrav**

Innleveringar/ øvingar: 6  
 Temaprøver: 4  
 Prosjektoppgåve: 1  
 Emneprøve: 1

**Læringsaktivitetar:**

Dette emnet vert gjennomført med førelæringar og praktiske demonstrasjonar / øvingar spesielt knytt til ernæring og kjemi.

**Vurderingsform:**

Karakter i emnet vert sett på grunnlag av skriftlege innleveringar og øvingar, temaprøver, prosjekt knytt til ernæring og ein emneprøve.

## Emne 3: Mat og kommunikasjon

**Omfang:** 10 fagskulepoeng/ 300 arbeidstimar

**Tema:** Matkultur og mathistorie (4p)  
Kommunikasjon og formidling (3p)  
Presentasjon (3p)

### Læringsutbytte

#### Kunnskapar

*Kandidaten:*

- har kunnskap om særprega ved norsk og nordisk matkultur, tradisjon og konsum og kjennskap til særtrekka ved matkultur i andre land
- har kunnskap om formidlingsmetodar som promoterer mat og matprodukt, både med tekst og visuell presentasjon
- Forstår gastronomisk fagterminologi

#### Ferdigheiter

*Kandidaten:*

- kan formidle ulike profesjonar innan gastronomien, og kan ved ulike formidlingsmetodar nå eit breitt publikum
- kan reflektere over språk og meining innan gastronomien
- kan vurdere og forstå viktigheita av god kommunikasjon og truverde i høve kunde og produsent

#### Generell kompetanse

*Kandidaten:*

- skal på sjølvstendig vis, og i samarbeid med andre kunne gjere greie for val av presentasjon og formidlingsmetodar for ulike matprodukt
- kan gjennomføre arbeidsoppgåver kor kommunikative (tekst) evner blir brukt til å formidle idear/informasjon om næringsmiddelprodukt
- kan utføre oppgåver kor språk og formidlingsevner blir brukt til å presentere produkt, idear, og ferdige matrettar
- forstår viktigheita av at arbeid blir utført i tråd med lover og etiske prinsipp og kommunisert truverdig ovanfor kunde
- kan bruke all sin fagkunnskap og kjennskap til yrkesfeltet og delta i diskusjonar om god praksis

<b>Arbeidskrav</b>
Temaprøve: 3 Presentasjoner: 3 Innlevering: 2 Emnepresentasjon: 1
<b>Læringsaktiviteter:</b>
Førellesninger, diskusjoner og praktiske øvinger i kommunikasjon både munnleg og skriftleg
<b>Vurderingsform:</b>
Karakter i emnet vert sett på grunnlag av skriftlege temaprøver, innleveringar og presentasjoner. Emneprøve vert gjennomført med ein presentasjon.

## Emne 4: LØM-emnet, Leiing, økonomi og marknadsføringsleiing

**Omfang:** 10 fagskulepoeng / 300 arbeidstimar

**Tema:** Marknadsføring (4p)  
 Økonomistyring (3p)  
 Organisasjon og leiing (3p)

<b>Læringsutbytte</b>
<p><b>Kunnskapar</b></p> <p><i>Kandidaten:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- har kunnskap om bedriftsetablering og gründerverksemd</li> <li>- har kunnskap om kjøpsåtferd og marknadsplanen sitt innhald</li> <li>- kjenner forretningsplanen sitt innhald</li> <li>- har kunnskap om organisasjons-, leiings- og motivasjonsteori</li> <li>- har innsikt i ulike bedriftskulturar</li> <li>- har innsikt i relevante lover og forskrifter innan bransjen</li> <li>- har kunnskap om ulike økonomiske planleggings- og styringsverktøy</li> <li>- har innsikt i etiske og miljømessige problemstillingar innan bransjen</li> <li>- har elementære kunnskapar om regnskapssystemets oppbygning</li> </ul> <p><b>Ferdigheiter</b></p> <p><i>Kandidaten:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- kan utarbeide ein marknadsplan</li> </ul>

- kan utføre personaladministrative oppgåver
- kan presentere fagleg informasjon og problemstillingar munnleg og skriftleg på engelsk og norsk
- kan utarbeide og revidere relevante budsjett
- kan foreta budsjettkontroll og avviksanalyse
- kan utarbeide relevante kalkyler tilpassa aktuelle problemstillingar i små og mellomstore bedrifter
- kan analysere eit rekneskap og utarbeide forslag til tiltak
- kan bruke relevante verktøy for å vurdere ulike investeringar og produktval
- kan ta ansvar for grupper, prosjekt, avdelingar og bedrifter

### Generell kompetanse

#### *Kandidaten:*

- kan anvende økonomisk, administrativt planleggings- og styringsverktøy og anerkjent teori for å ivareta leiarfunksjonar i ein organisasjon
- kan vise samfunnsansvar med omsyn til mellom anna etiske, juridiske og miljømessige utfordringar
- kan samle inn og nyttiggjera seg digital informasjon frå sosiale medier, ulike søkjemotorar m.m.

### Arbeidskrav

Temaprøvar: 4

Innlevering/ presentasjon 3

Emneprøve : 1

#### Læringsaktivitetar:

Førellesningar, gruppeoppgåver og diskusjonar

#### Vurderingsform:

Vurdering i emnet vert gjennomført med temaprøver, presentasjon og ein emneprøve.

## Emne 5: Produksjon og foredling av planter til mat

**Omfang:** 12 fagskulepoeng / 360 arbeidstimar

**Tema:** Korn og kornprodukt (6 p)  
Frukt og bær (2p)  
Grønsaker (2 p)  
Sopp og ville vekstar (2 p)

**Læringsutbytte****Kunnskapar***Kandidaten:*

- har kunnskap om planter som vert nytta til mat i Norge og Norden, både før og no
- har kjennskap til systematikk, morfologi, anatomi og fysiologi knytt til planter
- har kjennskap til produksjon av planter til mat, om ulike produksjonar og heile prosessen frå frø til ferdige planteprodukt
- har kunnskap om klima i Norden, vekstfaktorane og deira betyding for det ferdige planteprodukt
- har kunnskap om bruk av ville vekstar til mat, hausting og foredling
- har kunnskap om konserverings- og foredlingsmetodar og prosessar som vert nytta for ulike planteprodukt (tørking, safting, sylting, pasteurisering, forvelling, fermentering, sous vide m.m.) og har kunnskap om tilsetjingsstoff som eventuelt vert nytta i prosessane
- har kunnskap om ulike kornslag til mjøl, om kvalitet, fermentering og bruk til ulike bakverk og baketeknikkar
- har kunnskap om regelverk og kvalitetskriteriar for produksjon av planter til mat
- har kunnskap om ernæringsmessige forhold knytt til planter og planteprodukt

**Ferdigheiter***Kandidaten:*

- kan delta i planteproduksjon frå frø til hausting
- kan handsama planter og planteprodukt på rett måte for best kvalitet og i tråd med gjeldande regelverk
- kan vidareforedla planter og sopp med ulike prosessar og foredlingsmetodar
- kan nytta kornprodukt til ulike bakverk og baketeknikkar
- kan kvalitetsbedømme ulike planteprodukt i høve regelverk og bruk

**Generell kompetanse***Kandidaten:*

- kan planlegge og gjennomføre planteproduksjon og foredling, aleine eller i lag med produsent, vurdere kvalitet og nytte produkta på ein god måte ovanfor kunde
- forstår kva produksjon, hausting og lagring har å bety for kvaliteten på produkta
- kan formidle og nytta bruk av planter til mat, i tråd med matkultur og historie samt sesongens variasjonar
- baking ....

**Arbeidskrav**

Temaprøver: 5 Innlevering: 6 Emneprøve: 2
<b>Læringsaktiviteter:</b>
Førellesningar, demonstrasjonar, utferder og praktisk arbeid. Dette er eit praktisk fag der ein stor del av undervisninga føregår praktisk på skulen ute i avdelingane og inne på produksjonskjøkkenet. I tillegg vert det besøk til bedrifter
<b>Vurderingsformer:</b>
Det vert sett karakter i emnet basert på temaprøver og innleveringar frå praktiske demonstrasjonar, øvingar og emneprøver.

## Emne 6: Produksjon og foredling av kjøtt, egg og mjølk

**Omfang:** 12 fagskulepoeng / 360 timar

**Tema:** Husdyrproduksjon og produkt (4p)  
 Mjølk og meieriprodukt (4p)  
 Vilt (2p)  
 Egg (2p)

<b>Læringsutbytte</b>
<b>Kunnskapar</b>
<p><i>Kandidaten:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- har kunnskap om samanhengen mellom rase, fôr, dyrehelse og den sin innverknad på produksjon og kvalitet av mjølk, kjøtt og egg</li> <li>- har kunnskap om anatomen og fysiologien til dyr</li> <li>- har kunnskap om ulike verktøy og prosessane som fører fram til ferdig kjøtt, egg og mjølkeprodukt</li> <li>- har kunnskap om regionale særtrekk innan denne type av landbruk</li> <li>- har kjennskap til aktuelle viltrasar og jaktformer</li> <li>- har kunnskap om kvalitetskriteriar for kjøtt, egg og mjølk i høve regelverk og bruk</li> <li>- har kunnskap om landbruksnæringa og deira produksjonar i Norge og Norden, både fôr og no</li> <li>- har kjennskap til regelverk innan landbruket og viltforvaltning, samt kjennskap til etiske prinsipp innan dyrehald og velferd</li> <li>- har kjennskap til relevante yrkesfelt innan næringsmiddelbransjen</li> <li>- kan med sin kunnskap gjere seg tilgjengeleg i relevante bransjar</li> <li>- har kunnskap om ernæring knytt til animalske produkt</li> </ul>

**Ferdigheiter***Kandidaten:*

- kan gjere greie for val av metodar og delta i prosessar ved foredling av kjøt, egg og mjølkeprodukt
- kan vurdere og forstå prinsippa for dyrehald og produksjon av råvarer innan denne type landbruk
- kan utføre kvalitetsbedømming av kjøt, mjølkeprodukt og egg

**Generell kompetanse***Kandidaten:*

- kan planlegge og gjennomføre stykking og bearbeiding av kjøttprodukt og vurdere kvalitet opp mot regelverk og bruk
- kan planlegge og forklare handtering og produksjon av fjørfe og egg og vurdere kvalitet opp mot regelverk og bruk
- skal kunne planlegge og gjennomføre produksjon av ulike mjølkeprodukt og vurdere kvalitet opp mot regelverk og bruk

**Arbeidskrav**

Temaprøver: 5

Innlevering: 6

Emneprøve: 2

**Læringsaktivitetar:**

Førellesningar, demonstrasjonar, utferder og praktisk arbeid. Dette er eit praktisk fag der ein stor del av undervisninga føregår praktisk på skulen sitt produksjonskjøkken, i tillegg vert det besøk til bedrifter.

**Vurderingsform:**

Det vert sett karakter i emnet basert på temaprøver og innleveringar frå praktiske demonstrasjonar, øvingar og emneprøver.

**Emne 7: Produksjon og foredling av fisk og sjømat**

**Omfang:** 12 fagskulepoeng / 360 arbeidstimar

**Tema:** Fiskeoppdrett (5p)  
Villfisk (4p)  
Andre sjømatprodukt (3 p)

<b>Læringsutbytte</b>
<p><b>Kunnskapar</b></p> <p><i>Kandidaten:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- har kunnskap om aktuelle artar av fisk og skaldyr som vert nytta til mat før og no</li> <li>- har kunnskap om generell anatomi og fysiologi hos fisk og skaldyr</li> <li>- har kunnskap om forhold som påverkar kvalitet på sjømat</li> <li>- har kjennskap til produksjon og fangst av aktuelle fisk- og skaldyrarter</li> <li>- har kunnskap om bearbeiding og foredlingsmetoder av fisk og skaldyr til mat</li> <li>- har kunnskap om bearbeiding av sjømat frå råvare til bord</li> <li>- har kjennskap til ernæringsmessige forhold kring sjømat og forskjell mellom arter</li> <li>- har kunnskap om distribusjon og eksport av sjømat</li> <li>- har kunnskap om fiskerinæringa og deira produksjonar i Norge og Norden, både før og no</li> </ul> <p><b>Ferdigheiter</b></p> <p><i>Kandidaten:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- kan delta i arbeidet med bearbeiding av sjømat med ulike prosessar og foredlingsmetodar</li> <li>- kan behandle råvarer av bearbeida sjømat</li> <li>- kan vurdere kvalitet på råvarer og bearbeida sjømat</li> </ul> <p><b>Generell kompetanse</b></p> <p><i>Kandidaten:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- kan planlegge og anvende råvarer av sjømat inn i ferdige rettar til ulike kundegrupper</li> <li>- forstår kva produksjon- og fangstmetode betyr for kvaliteten på produkta</li> <li>- forstår dei etiske og miljømessige sidene på ein bærekraftig måte ved anvendelse av ulike arter for kommersiell bruk</li> <li>- har kjennskap til tradisjon, historie, geografi og klima knytta til bruk av ulike råvarer og rettar av sjømat</li> </ul>

<b>Arbeidskrav</b>
<p>Temaprøver: 5</p> <p>Innlevering: 6</p> <p>Emneprøve: 2</p>
<b>Læringsaktivitetar:</b>



Førellesningar, demonstrasjonar, utferder og praktisk arbeid. Dette er eit praktisk fag der ein stor del av undervisninga føregår praktisk på skulen sitt produksjonskjøkken, i tillegg vert det besøk til bedrifter.
<b>Vurderingsform:</b>
Det vert sett karakter i emnet basert på temaprøver og innleveringar frå praktiske demonstrasjonar, øvingar og emneprøver.

## Emne 8: Produksjon av drikkevarer

**Omfang:** 12 fagskulepoeng / 360 arbeidstimar

**Tema:** Jus og saft (6p)  
Alkoholholdige drikkevarer (sider, vin, øl, brennevin) (6p)

<b>Læringsutbytte</b>
<p><b>Kunnskapar</b></p> <p><i>Kandidaten:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- har kunnskap om råvarer og kvalitet på råvarene, som skal nyttast til produksjon av drikkevarer</li> <li>- har kunnskap om prosessar som vert nytta til produksjon av drikkevarer, både før og no</li> <li>- har kunnskap om nordiske tradisjonar innan drikkevarer</li> <li>- har kunnskap om kvalitetsbedømming av produksjonsprosess og ferdig produkt.</li> <li>- har innsikt i norsk alkoholregelverk, samt generelle reglar og krav til standardar og kvalitet.</li> <li>- har kjennskap til relevante yrkesfelt innanfor produksjonsbransjen</li> <li>- har kunnskap om alkoholholdig drikke sine moglege sosiale og samfunnsmessige konsekvensar</li> </ul> <p><b>Ferdigheiter</b></p> <p><i>Kandidaten:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- kan gjere reie for teoretiske og praktiske val ved heile framstillingsprosessen av drikkevarer</li> <li>- kan reflektere over produksjonsmetodane til forskjellige råvarer til drikkevareproduksjon</li> <li>- skal ved hjelp av fagstoff kunne vurdere relevansen til problemstillingar som kan oppstå ved produksjon og kvalitetsbedømming av drikkevarer</li> </ul>

**Generell kompetanse***Kandidaten:*

- kan planlegge og gjennomføre produksjon av ulike drikkevarer i tråd med etiske krav og retningslinjer
- kan utveksle synspunkt med andre med bakgrunn innanfor produksjonsbransjen og delta i diskusjonar om utøving av nye praktiske metodar

**Arbeidskrav**

Temaprøver: 3

Innlevering/logg: 4

Emneprøve: 2

**Læringsaktivitetar:**

Førellesningar, demonstrasjonar, utferder og praktisk arbeid. Dette er eit praktisk fag der ein stor del av undervisninga føregår praktisk på skulen sitt produksjonskjøkken, i tillegg vert det besøk til bedrifter.

**Vurderingsform:**

Det vert sett karakter i emnet basert på temaprøver og innleveringar frå praktiske demonstrasjonar, øvingar og emneprøver.

**Emne 9: Entreprenørskap**

**Omfang:** 18 fagskulepoeng / 540 arbeidstimar

**Tema:** Entreprenørskap – idéutvikling, etablering og drift av matfagleg verksemd (8p)  
 Spesialisering i bedrift (8 p)  
 - Vertskap, produksjon og foredling (6 veker praksis)  
 Konseptbygging, komposisjon, smak og design av menyar og rettar (2p)

Emne 9 byggjer på emne 1-8 i studiet.

**Læringsutbytte**

## Kunnskapar

### Kandidaten:

- har kunnskap om prosessar for innovasjon og entreprenørskap
- har kunnskap om presentasjon, kundesamhandling, vertskap, matsikkerheit og kommunikasjon
- har kunnskap om konseptbygging og menylære
- har kunnskap om økonomisk leiing i høve etablering og drift av eit matfagleg tilbod
- kan vurdere eige arbeid i forhold til tileigna kunnskap innan dei ulike fagfelt
- har kjennskap til matbransjen sin eigenart, historie og plass i samfunnet, og kan sjå potensielle utvikling- eller yrkesmoglegheiter innan bransjen.

## Ferdigheiter

### Kandidaten:

- **kan delta i produksjon og foredling av råvarer og kan bidra med innovasjon og nytenking kring produkt**
- kan gjere greie for val av råvarer/næringsmiddelprodukt som vert nytta til produksjon og servering av mat
- kan samarbeide og kommunisere med kunde, produsent og leverandør, ved planlegging av eit matfagleg tilbod basert på smak, design/komposisjon og næringsinnhald
- kan bruke kunnskap frå dei andre emna i studiet til å finne og nytte relevant faglitteratur og informasjon i møte med yrkesrelaterte utfordringar
- kan samarbeide med andre, ta ansvar for sin del av prosjektet
- kan innhente informasjon om råvarer og råvareproduksjon knytt til ulike tema, konsept eller geografisk område

## Generell kompetanse

### Kandidaten:

- **har spesialisering innan vertskap, produksjon og/eller foredling av råvarer gjennom praksis i bedrift, konkretisert i ein praksisavtale**
- kan planlegge og gjennomføre eit mattilbod eller konseptmåltid, der matopplevinga skal vere basert på kvalitet, kultur og kjennskap til råvarene
- kan presentere og kommunisere kring matopplevinga / mattilbodet på ein profesjonell måte
- kan ut frå si faglege innsikt i bransjen etablera og driva ei bedrift, som tilbyr ei gastronomisk oppleving for kundegrupper
- kan marknadsføre, presentere og kommunisere kring konseptet på ein profesjonell måte
- kan på fagleg grunnlag utveksle synspunkt om ulik praksis og metodar innan matfaget og bidra til økt fokus på lokal matkultur

<b>Arbeidskrav:</b>
<p>Gjennomføre 6 veker praksis i bedrift, ut frå godkjent praksisavtale og levere logg og refleksjon frå dette.</p> <p>Praksis i skule: Kandidaten skal gjennomføre opplegg for kundegrupper, der heile spekteret av det dei har lært skal nyttast inn i praktisk arbeid. Dei skal i grupper, bygge opp ei bedrift og planlegge eit konseptmåltid basert på gode råvarer og eit heilskapleg konsept. Kandidaten skal syne evne til samarbeid og mellomleiar kompetanse.</p>
<b>Læringsaktivitetar:</b>
<p>I dette emnet skal studentane nytte kunnskap og ferdigheiter frå tidlegare emne og praktisere dette i bedrift og skule, knytt til innovasjon og nytenking.</p> <p>Studentane skal planlegge matopplevingar for gjester, samarbeide med dei andre i gruppa og arbeide under rettleiing frå emnelærer.</p>
<b>Vurdering:</b>
<p>Mappevurdering i emnet.</p> <p>Logg frå praksis i bedrift skal inn i vurderingsmappa, saman med eit refleksjonsnotat om læringsutbytte studenten har nådd.</p> <p>Bedriftsetablering og opplegg for kundar: Det studenten planlegg i framkant, undervegs og ved gjennomføring, skal dokumenterast og samlast i vurderingsmappa.</p> <p>Mappa dannar grunnlaget for sluttvurderinga, saman med vurdering av den praktiske gjennomføringa av prosjektet.</p>

## Emne 10: Hovudprosjekt

<b>Omfang:</b>	10 fagskulepoeng
<b>Tema:</b>	Planlegging, prosjektarbeid Fordjuping innan valt tema Kommunikasjon og presentasjon

Byggjer på emne 1-8 i studiet.

<b>Kunnskapar</b>
<p><i>Kandidaten:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- kan med basis i studiet, planlegge, gjennomføre og dokumentera eit problemorientert prosjekt, helst i samarbeid med ein oppdragsgjevar / bedrift</li> </ul>

**Ferdigheiter***Kandidaten:*

- kan samarbeida med andre, ta ansvar for eiga læring, kommunisere og presentere eit prosjektarbeid
- kan gjennomføre eit prosjekt på oppdrag, helst i samarbeid med ei bedrift, for å utvikle og dokumentere produkt, produksjonsprosessar eller tenester innan matbransjen
- kan finna og nytta aktuell informasjon og fagstoff knytt til eige prosjekt

**Generell kompetanse***Kandidaten:*

- kan bruke kunnskapar og ferdigheiter frå dei andre emna inn i eit praktisk prosjektarbeid
- kan, gjennom kreativitet og nytenking, fordjupe seg i det aktuelle tema som danner grunnlag for prosjektoppgåve og løyse denne på ein måte som reflekterer kunnskap om matfaget og fagleg leiing
- kan presentere prosjektet i ei prosjektoppgåve og presentere den munnleg

**Arbeidskrav***Innleveringar:*

- Problemstilling og arbeidsmål for prosjekt – frist termin 3 heiltid / termin 5 nettbasert
- Disposisjon for oppgåva skal leverast innan utgangen av termin 3 / 5
- Avsluttande prosjektoppgåve i siste termin
- Munnleg framlegging av prosjekt

**Læringsaktivitetar:**

Kandidaten skal gjennomføra eit sjølvstendig prosjekt, i samarbeid med ei bedrift og under rettleiing frå tildelt emnelærer.

**Vurdering:**

Hovudprosjekt vert vurdert på grunnlag av innlevert prosjektoppgåve, saman med ei munnleg framlegging av gjennomført prosjekt.

## Vedlegg: Aktuell litteratur

Her er ei samla oversikt over aktuell litteratur for studiet. Fagfeltet er stort, på enkelte tema finns det mykje stoff, på andre tema manglar det fagstoff, slik at det må hentast frå ulike kjelder og settast saman av lærar.

Lista er ikkje fullstendig og må oppdaterast i framkant av kvart opptak og vert lagt ut på It`s learning og på skulen si heimeside i framkant av oppstart.

Det vil i tillegg verte nytta nettsider, rapportar, artiklar og føredragsmateriell

Emne/forfatter:	Linje/Boktittel:	P = pensum V = valgfri	ISBN-nummer:
<b>Emne 1: Matproduksjon og kvalitet</b>			
Amilien, Virginie og Krogh, Erling fagbokforlaget	Den kultiverte maten – en bok om norsk mat, kultur og matkultur		978-82-450-0571-4
Geir Smolan og Sissel Vaksvik Yrkeslitteratur as	HACCP – arbeid med mattrygghet	P	9788258405433
Geir Smolan	Kvalitetsstyring og internkontroll - styringssystemer for kvalitet, miljø, HMS og trygg mat	P	9788258405365
Almås, Reidar; Bjørkhaug, Hilde; Campbell, Hugh; Smedshaug, Christian Anton Fagbokforlaget	Fram mot ein berekraftig og klimatilpassa norsk landbruksmodell (2013)	P	978-82-321-0300-3
Olsen, Per Ingvar Fagbokforlaget	Norsk mat etter supermarkedsrevolusjonen (2010)	V	978-82-747-7492-6
Iversen, Nina M. fagbokforlaget	Norske matvarer. Verdier, muligheter og utfordringer	P	978-82-450-1844-8
Julia Cooper, Urs Niggli, Carlo Leifert	Handbook of organic food safety and quality	P	
Henry Notaker	Ganens makt; norsk kokkekunst og matkultur gjennom tusen år	V	978-82-03-22504-8
Johanna Björklund, Pär Holmgren, Susanne Johansson Medströms bokförlag	Mat og klimat	V	978-91-7329-018-0
Ole Inge Skorbakk Gyldendal undervisning	Sensorisk analyse. Bedømmelse av næringsmidler.	P	
<b>Emne 2: yrkesretta realfag</b>			
Berit Storm Yrkeslitteratur as	Generell kjemi	V	9788258404368

Synnøve Fagereng Eilertsen Yrkeslittertur as	Næringsmiddelkjemi for næringsmiddelteknikere	P	9788258404481
Leif Lynum Tapir – akademisk forlag	Konserveringsmetoder - og kjemiske reaksjoner ved tilberedning og lagring av mat	P	9788251925334
Harold Macgee	The Science And Lore Of The Kitchen	V	978-0-684-80001-1
	Allergi og matintoleranse – handbok for et godt liv		978-82-93191-21-6
Hemmer, Askim, Karlsen, Lynum, Nordeng, Nybraaten Yrkeslitteratur as	Næringsmiddellære- råstoff-, produksjons- og ferdigvarekunnskap	P	9788258404450
<b>EMNE 3: Mat og kommunikasjon</b>			
Dahl	Grip teksten 1, Aschehoug, 2013	V	9788203347047
	Ordbøker etter avtale med faglærer	V	
Olav Talberg	Access	V	9788241206870
Richard Peel	Troubleshooter	V	9788202235567
Arne Brimi, Ardis Kaspersen	Norsk mat og kultur en reise i landet vårt	P	9788278880746
Bergenskokkenes mesterlaug	Matgleder fra Hordaland	V	978 82 90823 45 5
Kjell Innli	Gastronomisk ordbok	P	9788258402241
Janne Hvitsand Solstad og Sissel Kvistad Sundby	Matskikker og årstidene - oppskrifter og historie	P	9788258406010
<b>EMNE 4: LØM-fag</b>			
Holan, Høiseth	Organisasjon og ledelse	P	9788256271443
Holan, Høiseth	Økonomistyring	P	9788256271436
Holan	Markedsføringsledelse, Ny utgave 2011	P	9788256271450
<b>EMNE 5: Produksjon og foredling av planter til mat</b>			
Eriksen, Truls; Wøien, Christoffer Fagbokforlaget	Økologi og plantelære	P	978-82-529-3334-5
Beate Slipher	Plukke ville matvekster	P	82-7683-425-6
Brandstveit, Tore; Broen, Jan Arne; Hella, Siri	Kulturplantene	V	9788252926606

Amalie; Nes, Knut; Sandli, Dag; Viken, Berit			
Leif Kristian Børresen	Bakeråstoff	P	9788258405846
Ellen Hemmer	Konservering	P	9788258403958
<b>EMNE 6: Produksjon og foredling av kjøtt, egg og mjølk</b>			
Bodil Nordjore	Norsk tradisjonsmat på en ny måte. Foredling av husdyr, jordbruks- og hagebruksvekster. Cappelen Damms forlag AS	P	9788202361020
Ellen Hemmer	Kjøtt og kjøttprodukter	P	9788258405853
Fagsenteret for fjørfe fagbokforlaget	Fjørfeboka (2007)	P	9788252925258
Ellen Hemmer	Kjøtt - teknologi	P	9788251912785
Hurum, Dingstad, Helland	Prosesserte produkter av melk		9788258403491
<b>EMNE 7: Produksjon og foredling av fisk og sjømat</b>			
Mortensen, Nortvedt og Wahl Tun forlag	Sjømat - Råstoff, produksjon og anvendelse (2008)	P	978-82-529-3028-3
Bjerkestrand, Bolstad og Hansen Forlaget Vett og Viten	Akvakultur Vg2. Havbruk i Norge (2013)	P	978-82-412-0708-2
<b>EMNE 8: Produksjon av drikkevarer</b>			
Colin Eick og Thomas Horne, 2014	Øl & mat – hånd i hånd	P	
John Erik Kristensen	Vinboka	P	9788258405310.
Tor Victor Gausdal og Ole Martin Alfsen	Mat og drikke	V	
Olav Hamran	Vinlandet (vin i Norge 1920-2000)	V	
Astri Riddervold Teknologisk forlag	Drikkeskikker	V	82-512-0452-6
<b>EMNE 9: Spesialisering i bedrift</b>			
Helge Jørgensen	Planlegging og drift av hoteller og restauranter	P	9788258406171
Helge Jørgensen	Menyer, mat og måltider i harmoni	P	9788258406294
G. Skjegstad	Menyplanlegging (småskrift 2007)	P	

**Nokre aktuelle nettsider:**

[www.agropub.no](http://www.agropub.no)  
[www.nofima.no](http://www.nofima.no)  
[www.matportalen.no](http://www.matportalen.no)  
[www.mattabellen.no](http://www.mattabellen.no)  
[www-frukt.no](http://www-frukt.no) Totaloversikten  
[www.helsedirektoratet.no](http://www.helsedirektoratet.no)





Arkivnr: 2015/11453-69  
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre	9/17	16.02.2017

## Forskrift om opptak, eksamen, disiplinære sanksjonar og klagehandsaming for Fagskolane i Hordaland

### Samandrag

Endringane i fagskulelova av 1. juli 2016 gjev mellom anna føresegner om at styret for fagskulen skal vedta forskrift om opptak og eksamen. I tillegg vert det tilrådd at føresegner om disiplinære sanksjonar, klage og klagehandsaming vert nedfelt i forskrifta. På bakgrunn av dette er det utarbeidd ei forskrift for Fagskolane i Hordaland som baserer seg på aktuelle lover og forskrifter. Styret for Fagskolane i Hordaland må sende forskrifta på høyring, og deretter må ho kunngjerast hjå Lovdata.

### Forslag til vedtak

Utkast til «Forskrift for opptak, eksamen, disiplinære sanksjonar og klagehandsaming» (forskrift for Fagskolane i Hordaland) vert sendt på open høyring med frist 03.04.2017 slik det går fram av saka.

Svein Leidulf Heggheim  
fylkesdirektør opplæring  
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit  
seksjonsleiar skule

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

### Vedlegg

- 1 Utkast til forskrift om opptak, eksamen, disiplinære sanksjonar og klagehandsaming for Fagskolane i Hordaland

## Fylkesrådmannen, 01.02.2017

Endringane i fagskulelova av 1. juli 2016 gjev mellom anna føresegner om at styret for fagskulen skal vedta forskrift om opptak og eksamen. I tillegg vert det tilrådd at føresegner om disiplinære sanksjonar, klage og klagehandsaming vert nedfelt i forskrifta. På bakgrunn av dette er det utarbeidd ei forskrift for Fagskolane i Hordaland som baserar seg på aktuelle lover og forskrifter. Styret for Fagskolane i Hordaland må sende forskrifta på høyring, og deretter må ho kunngjerast hjå Lovdata. Utkast til «forskrift om opptak, eksamen, disiplinære sanksjonar og klagehandsaming for Fagskolane i Hordaland», med kortnamn «forskrift for Fagskolane i Hordaland», ligg som vedlegg til saka.

Utkast til forskrift er utarbeidd i samarbeid med fagskulane og juridisk kompetanse ved Opplæringsavdelinga. Utkastet er vesentleg endra i høve til studentreglementet, og det vert difor ikkje gjeve detaljert oversikt over kva som er endra, men det vert gjeve ei oppsummering av dei mest vesentlege endringane.

### Vesentlege endringar

Det som er nytt i høve til tidlegare reglement, er at fagskulane kan krevje politiattest ved opptak til, eller i løpet av, utdanninga. Følgjande paragraf i utkast til forskrift omtalar dette:

#### § 2-4 Krav til politiattest

- (1) Ved utdanningar der studentar kan kome i kontakt med mindreårige eller andre sårbare grupper som del av praksis eller klinisk undervisning, er det krav om at studenten legg fram politiattest ved opptak til eller i løpet av utdanninga, jf. fagskulelova § 12 og politiregisterlova § 39. Politiattesten skal vere slik som går fram av barnevernlova § 6-10 andre ledd. Krav om politiattest skal gjerast kjent for studenten ved opptak til studium som er omfatta av desse føresegnene.
- (2) Det er styret ved klagenemnda som fattar vedtak om at ein student skal misse retten til å delta i praksis eller klinisk undervisning basert på politiattest og innstilling frå rektor ved fagskulen. Studenten kan klage på vedtaket til Nasjonal klagenemnd for fagskoleutdanning. Sjå kap. 5. om klage og klagehandsaming.

Som ein les av paragrafen, vil denne vere relevant for helsefagskuleutdanningane, og Hordaland helsefagskole må utarbeide rutinar for å krevje inn politiattest for dei utdanningane som det er relevant for.

Vidare er det med bakgrunn i endringane i fagskulelova utarbeidd ein paragraf om skikkavurdering som følgjer:

#### § 3-3 Skikkavurdering

- (1) Ved einskilde utdanningar skal fagskulen vurdere om studenten er skikka for yrket. Krav til skikkavurdering skal gå fram av studieplanen. Ei skikkavurdering skal verte gjennomført gjennom heile studiet og er ein føresetnad for at studenten skal få vitnemål for fullført utdanning, jf. fagskulelova § 11.
- (2) Det er styret ved klagenemnda som fattar vedtak om at ein student ikkje er skikka for yrket. Studenten har rett til å uttale seg før det vert gjort vedtak. Vert det fatta slikt vedtak, kan studenten verte utestengt frå utdanninga. Studenten kan klage på vedtaket til Nasjonal klagenemnd for fagskoleutdanning. Sjå kap. 4. om disiplinære sanksjonar og kap. 5. om klage og klagehandsaming.

Føresegner om skikkavurdering vil også hovudsakleg vere aktuelt for helsefagskuleutdanningane, og Hordaland helsefagskole må også lage rutinar for skikkavurdering ved utdanningar som vil vere omfatta av denne paragrafen.

Kunnskapsdepartementet har føreslått ei forskriftsendring i fagskuleforskrifta om politiattest, men denne er ikkje trådd i kraft enda. Kunnskapsdepartementet vil også lage ei forskrift eller eigne retningsliner for skikkavurdering, men det er ikkje klart når denne vil kome på høyring. På bakgrunn av moglege endringar i føresegner om politiattest og skikkavurdering vert det føreslått ein paragraf i forskrifta for Fagskolane i Hordaland som følgjer:

§ 6-1 Mindre endringar i forskrifta

- (1) Administrasjonen ved Opplæringsavdelinga i Hordaland fylkeskommune har rett til å gjere mindre endringar i denne forskrifta slik at den er i tråd med gjeldande lover og tilhøyrande forskrifter og krav som er sett fram av Nasjonalt organ for kvalitet i utdanningen (NOKUT).

På bakgrunn av § 6-1 vil det vere enklare å raskt følgje opp eventuelle endringar i gjeldande lover og forskrifter. Slike endringar vil likevel bli lagt fram for styret som melding.

**Føresegner i studentreglementet som ikkje er med i forskrifta**

Av di forskrifta skal omhandle opptak, eksamen, disiplinære sanksjonar og klagehandsaming, er det ein del føresegner som er nedfelt i studentreglementet som ikkje er med i utkastet til forskrift. Fagskolane i Hordaland må derfor lage eigne lokale reglement dersom føresegna skal vidareførast etter at forskrift for Fagskolane i Hordaland trår i kraft. Dette gjeld mellom anna fleire av §§ i **kapittel D. spesielle tilhøve** som til dømes føresegner om kontrakt, vernereglar, rusmidlar, skade på bygningar/eigedelar og studentpolitisk arbeid på skulen. Heile kapittel **H. Bruk av internett** er ikkje med i forskrifta.

Lenke til opphavleg studentreglement finn ein her: <http://www.hordaland.no/globalassets/for-skulane/fagskolane-i-hordaland/filer/reglement-fih-revidert-aug-2016.pdf>

**Vidare saksgang**

Etter handsaming i fagskulestyret 16.02.2017 vert forskrift for Fagskolane i Hordaland sendt på open høyring. Høyringsfrist vert føreslått sett til 03.04.2017, som er i overkant av 6 veker. Ein høyringsfrist kan ikkje vere mindre enn 6 veker. Høyringsutkastet vert sendt til aktuelle høyringspartar etter lista under og vert kunngjort på heimesida til Fagskolane i Hordaland. Etter høyringa vert det lagt fram ny sak og eventuelt revidert forskrift basert på høyringsuttalar for endeleg handsaming i fagskulestyret 05.05.2017. Når forskrift for Fagskolane i Hordaland er endeleg vedteken, vert dette kunngjort hjå Lovdata.

Forskrifta vert føreslått sendt på open høyring med følgjande spesifiserte høyringspartar:

Fagskolen i Hordaland  
Hordaland helsefagskole  
Studentrådet ved Fagskolen i Hordaland  
Studentrådet ved Hordaland helsefagskole  
Organisasjon for norske fagskolestudenter (ONF)  
Fagskular  
Råd for offentlige fagskoler (RFF)

# Forskrift om opptak, eksamen, disiplinære sanksjonar og klagehandsaming for Fagskolane i Hordaland

## Kapittel 1. Generelle føresegner

### § 1-1 Heimel og verkeområde

Styret ved Fagskolane i Hordaland har med heimel i §§ 4 og 6 i lov om fagskoleutdanning vedtatt forskrift som regulerer tilhøve knytt til opptak, skikkavurdering og politiattest, eksamen og vurdering, disiplinære sanksjonar, annullering, klagerettar og klagebehandling. Forskrifta har kortnamnet *forskrift for Fagskolane i Hordaland*.

### § 1-2 Forholdet til anna lovverk

Er føresegner i denne forskrifta i strid med lov og/eller forskrifter gitt av lovgjevar eller NOKUT, gjeld føresegner i lova med forskrifter.

## Kapittel 2. Opptak

### § 2-1 Generelt om opptak

- (1) Opptak av studentar til Fagskolane i Hordaland skjer gjennom Nasjonalt opptakskontor for fagskolen. Dette gjev felles kvalifikasjonskrav og reglar for poengutrekning for søkjarar i heile landet. Opptak av studentar skjer berre på grunnlag av poengutrekning og rangering (realkompetanse vert rekna om til poeng). Dette gjev høve til å sjå både tal og poengnivå for søkjarar ved opptak til kvar fagskuleutdanning.
- (2) Ordinær søknadsfrist til fagskuleutdanning ved Fagskolane i Hordaland er 15. april, og retningslinjer for å søkje er å finne på heimesida. Ved avvikande søknadsfrist vert dette kunngjort på heimesida
- (3) Ved opptak vert søkjarar rangert jf. § 2-6 i denne forskrifta.

### § 2-2 Opptakskrav

Grunnlag for opptak til studietilbod ved Fagskolane i Hordaland er a) eller b) under jf. Lov om fagskoleutdanning § 1:

- a) Fullført og greidd vidaregåande opplæring med fagbrev/sveinebrev/vitnemål frå relevant yrkesutdanning frå vidaregåande skule. Informasjon om kva som er relevant yrkesutdanning som gjev grunnlag for opptak, er nedfelt i studieplanane.  
Søkjarar som kan dokumentere at dei skal gjennomføre fagprøve etter opptaksfristen, kan tildelast plass. Studenten misser plassen om han/ho ikkje består eller ikkje fullfører fagprøven. Fagprøven må vere gjennomført innan 31. desember i opptaksåret.
- b) Minst 5 års relevant praksis og realkompetanse i felles allmenne fag som svarar til Vg1 og Vg2 i yrkesfagleg utdanningsprogram. Søkjar må ha fylt 23 år innan søkjeåret. Realkompetansen vert vurdert jf. § 2-7 i denne forskrifta.

### § 2-3 Spesielle opptakskrav

- (1) Søkjarar til Petroleumsteknologi som fyller krava over, men som ikkje har fullført Vg2 Brønnteknikk, må ha avlagt tverrfagleg offentleg privatisteksamen i Vg2 Brønnteknikk (024 OLF/NR - Retningslinjer for opplæring av bore- og brønnpersonell). Offentleg godkjent tverrfagleg eksamen i Vg2 Brønnteknikk kan

erstattast av kursbevis frå bestått 420 timars grunnleggjande kurs i bore- og brønnteknikk avlagt før 1. august 2007.

(2) Maritim fagskuleutdanning: STCW Sikkerhetskurs for sjøfolk (IMO60 eller IMO50).

#### § 2-4 Krav til politiattest

- (1) Ved utdanningar der studentar kan kome i kontakt med mindreårige eller andre sårbare grupper som del av praksis eller klinisk undervisning, er det krav om at studenten legg fram politiattest ved opptak eller i løpet av utdanninga, jf. fagskulelova § 12 og politiregisterlova § 39. Politiattesten skal vere slik som det går fram av barnevernlova § 6-10 andre ledd. Krav om politiattest skal gjerast kjent for studenten ved opptak til studium som er omfatta av desse føresegnene.
- (2) Det er styret ved klagenemnda som fattar vedtak om at ein student skal misse retten til å delta i praksis eller klinisk undervisning basert på politiattest og innstilling frå rektor ved fagskulen. Studenten kan klage på vedtaket til Nasjonal klagenemnd for fagskuleutdanning. Sjå kap. 5. om klage og klagehandsaming.

#### § 2-5 Søkjarar med utanlandsk utdanning

- (1) Søkjarar med fullført vidaregåande opplæring frå dei andre nordiske landa er kvalifisert for opptak ved Fagskolane i Hordaland når den vidaregåande opplæringa i dei respektive landa gjev generelt opptaksgrunnlag til tertiærutdanning tilsvarande norsk fagskuleutdanning.
- (2) Søkjarar utanfor Norden kan jf. opplæringslova § 3-4a søkje NOKUT om godkjenning av utanlandsk fag- og yrkesopplæring. Alternativt må ein dokumentere opplæring og praksis ved autorisert translator og ha bestått eller ha likeverdig realkompetanse i dei felles allmenne faga tilsvarande Vg1 og Vg2 i yrkesfaglege studieretningar. Sjå § 2-7 om realkompetansevurdering i denne forskrifta. Søkjarane må i tillegg dokumentere kunnskapar på nivå med B2 i «Test i Norsk – høyere nivå» (Bergenstesten).

#### § 2-6 Poengutrekning og rangering

Omtale	Poeng
Det generelle grunnlaget for opptak (a) eller b) § 2.2)	100 poeng
Relevant praksis/fartstid om bord utover det generelle grunnlaget for opptak, jf. gjeldande studieplan	1 poeng per mnd.
Fagprøve med «greidd mykje godt»	25 poeng
Fagprøve i anna fag utover det generelle opptakskravet inkl. praksistid	50 poeng
Gjennomsnittleg karakterpoeng av karakterane i alle fag på Vg2/VK1 og tverrfagleg eksamen	Multipliserast med 10

Den med høgast poengsum vert rangert først. Ved lik poengsum skal det kjønn som er underrepresentert i det yrket eller den profesjonen opplæringa skal føre fram til, kvoterast.

#### § 2-7 Realkompetansevurdering

- (1) Fagskolane i Hordaland gjennomfører realkompetansevurderinga i tråd med NOKUT-forskrifta § 5 og rettleiar frå Kompetanse Norge. Kompetansen til søkjaren vert vurdert opp mot læreplanmål i vidaregåande opplæring innan relevante programområde. Informasjon om kva som er relevant

yrkesutdanning, er nedfelt i studieplanane. Opptak gjort på bakgrunn av realkompetanse vil berre gjelde for den utdanninga det vert realkompetansevurdert til.

- (2) Søkjarar som søker studieplass på bakgrunn av realkompetanse kan vere:
  - a) Søkjarar som har fullført vidaregåande opplæring, men i eit anna utdanningsprogram enn det som er det formelle opptakskravet
  - b) Søkjarar som ikkje har fullført vidaregåande opplæring
  - c) Søkjarar med utanlandsk utdanning
- (3) Søkjarar må dokumentere kompetanse i felles allmenne fag som svarar til nivå 4 i Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk (NKR), ha fylt 23 år i søkjeåret og må ha minst 5 års relevant arbeidserfaring i høve til utdanninga.
- (4) Det er rektor som fattar vedtak om opptak på bakgrunn av realkompetanse etter innstilling frå opptakskomiteen jf. § 2-9 i denne forskrifta.

### **§ 2-8 Annullering av vedtak om realkompetansevurdering**

- (1) Styret ved klagenemnda kan annullere vedtak om godkjent realkompetanse til ei fagskuleutdanning ved Fagskolane i Hordaland dersom ein student er blitt tatt opp til utdanninga ved hjelp av falskt vitnemål eller anna form for utilbørleg oppførsel jf. lov om fagskuleutdanning § 9.
- (2) Høve til annullering vert ikkje forelda. Studenten kan klage på vedtak om annullering til Nasjonal klagenemnd for fagskuleutdanning jf. kap. 5. i denne forskrifta.

### **§ 2-9 Ansvar for opptak**

Rektor ved den einskilde skule er ansvarleg for opptak og skal på vegner av styret sørge for at opptaka til fagskuleutdanningane blir gjennomført korrekt. Rektor nemner opp medlemmer til opptakskomiteen. Komiteen skal gjennomføre det praktiske opptaket og vurdere realkompetanse. Komiteen er sett saman av administrativt og pedagogisk tilsette. Det er rektor som fattar endeleg vedtak om opptak.

### **§ 2-10 Klage på vedtak om opptak**

Opptak til fagskulen er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2b og kan klagast på etter denne lova (§ 28 og § 29). Det er den einskilde fagskule det vert søkt til som fattar vedtak om opptak, og eventuell klage vert handsama av klagenemnda til fagskulestyret. Klage skal sendast til den fagskulen som har fatta vedtak. Nærare føresegner om klagehandsaming er gitt i kap. 5 i denne forskrifta.

### **§ 2-11 Innpassing og fritak**

- (1) Jf. § 1 i forskrift om fagskuleutdanning kan studentar som kan dokumentere å ha bestått likeverdig eller tilsvarande emne ved same eller ein annan institusjon, søkje om innpassing av delar av tidlegare utdanning. Læringsutbytteomtalen eller studieplan vert nytta for å vurdere om studenten har rett på innpassing av eit emne.
- (2) Dersom studenten kan dokumentere å ha bestått anna type utdanning eller har fått realkompetanse for delar av ei fagskuleutdanning, kan studenten søkje om fritak frå eitt eller fleire emne. Fritaket skal byggje på ei fagleg vurdering av om den heilskaplege kompetansen til søkjaren samla kan gje grunnlag for fritak for ein del av fagskuleutdanninga. Slik kompetanse kan vere opparbeidd gjennom arbeidsliv, frivillig sektor og anna utdanning. Den kan også vere av anna formell, ikkje-formell eller uformell art.

- (3) For å få skrive ut vitnemål eller anna dokumentasjon for fullført utdanning ved fagskulen, må minst 30 fagskulepoeng som skal inngå i utrekningsgrunnlaget, vere avlagt ved Fagskolane i Hordaland som siste del av utdanninga, jf. § 2 i forskrift om fagskoleutdanning.
- (4) Søknad om innpassing eller fritak må leverast til skulen innan 30. september for emna i haustsemesteret og 1. februar for emna i vårsemesteret. Søknaden må innehalde dokumentasjon av omfang og innhald i emnet/kompetansen som studenten ønskjer å søkje innpassing eller fritak for; nærare bestemt:
  - a) Vitnemål / karakterutskrift / realkompetansevurdering
  - b) Oversikt over kva delemne som inngår i emnet
  - c) Oversikt over læringsutbytteomtalen av emnet eller studieplan
- (5) Om ein student får godkjent søknad om fritak av eit emne, skal dette kome fram på vitnemålet med referanse til bestått emne ved same eller annan institusjon. Vitnemålet er berre gyldig saman med dokumentasjonen som det vert referert til. Ved innpassing av eitt eller fleire emne er det siste utdanningsinstitusjon som skriv ut vitnemål jf. § 2-11 tredje ledd.
- (6) Vedtak om innpassing og fritak av eit emne vert fatta av rektor etter innstilling frå opptakskomiteen ved fagskulen. Vedtak om innpassing eller fritak ved Fagskolane i Hordaland er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2b og kan klagast på etter denne lova (§§ 28 og 29). Klage skal sendast til den fagskulen som har fatta vedtak. Nærare føresegner om klagehandsaming er gitt i kap. 5. i forskrift for opptak, eksamen, disiplinære sanksjonar og klagehandsaming for Fagskolane i Hordaland.

### § 2-12 Annullering av vedtak om innpassing og fritak

- (1) Styret ved klagenemnda kan annullere vedtak om innpassing eller fritak av eitt eller fleire emne ved ei fagskuleutdanning ved Fagskolane i Hordaland dersom ein student har fått innpassing eller fritak ved hjelp av falskt vitnemål eller anna form for utilbørleg oppførsel jf. lov om fagskoleutdanning § 9.
- (2) Høve til annullering vert ikkje forelda. Studenten kan klage på vedtak om annullering til Nasjonal klagenemnd for fagskoleutdanning jf. kap. 5. i denne forskrifta.

## Kapittel 3. Vurdering og eksamen

### § 3-1 Vurdering

Vurdering vert gjennomført på ein slik måte at skulen på eit mest mogleg sikkert grunnlag kan vurdere i kva grad studenten har nådd læringsutbyttet som er skildra i studieplanen for utdanninga, jf. fagskulelova § 6. Bokstavkarakterskalaen A – F, der A er **beste karakter** og F er **ikkje greidd**, vert nytta i vurderinga.

### § 3-2 Grunngeving for karakterfastsetting

- (1) Ein student har rett til grunngeving ved karakterfastsetting ved mappevurdering, prøver, innleveringar og andre arbeidskrav som dannar grunnlag for mappevurdering/emnekarakter og eksamen. Ved munnleg eksamen eller vurdering av praktiske ferdigheiter må krav om grunngeving setjast fram straks etter at karakteren er kunngjort. Dersom karakteren vert kunngjort elektronisk, må krav om grunngeving framsetjast innan éi veke. Ved anna vurdering må krav om grunngeving framsetjast *innan tre veker* frå karakteren vart kunngjort, eller det var rimeleg at kandidaten fekk kjennskap til karakteren.
- (2) Grunngeving skal normalt vere gitt *innan to veker* etter at studenten har sett fram krav om det. I grunngevinga skal det gjerast greie for dei generelle prinsippa som ligg til grunn for vurderinga og for vurderinga av studenten sin prestasjon. Dersom det er gitt skriftlege retningslinjer for vurderinga, skal desse vere tilgjengelege for studentane etter at karakteren er fastsett.

- (3) Grunngeving vert gjeve munnleg eller skriftleg etter sensor sitt val. Vert det sett fram klage basert på grunngevinga, må sensor levere skriftleg grunngeving til klagehandsamar.
- (4) Om studenten har bede om grunngeving innan fristen, vil studenten kunne setje fram klage *innan tre veker* etter å ha motteke grunngeving for karakterfastsettinga. Studenten vert oppmoda om å be om grunngeving før klage vert sett fram, men det er ikkje eit krav. Sjå kap. 5 om klage og klagehandsaming.

### § 3-3 Skikkavurdering

- (1) Ved einskilde utdanningar skal fagskulen vurdere om studenten er skikka for yrket. Krav til skikkavurdering skal gå fram av studieplanen. Ei skikkavurdering vert gjennomført gjennom heile studiet og er ein føresetnad for at studenten skal få vitnemål for fullført utdanning, jf. fagskulelova § 11.
- (2) Det er styret ved klagenemnda som fattar vedtak om at ein student ikkje er skikka for yrket. Studenten har rett til å uttale seg før det vert gjort vedtak. Vert det fatta slikt vedtak, kan studenten verte utestengt frå utdanninga. Studenten kan klage på vedtaket til Nasjonal klagenemnd for fagskoleutdanning. Sjå kap. 4. om disiplinære sanksjonar og kap. 5. om klage og klagehandsaming.

### § 3-4 Karakterskala

Symbol	Generell, ikkje fagspesifikk omtale av vurderingskriterium
A	Framifrå prestasjon som skil seg klårt ut. Studenten har svært gode kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse.
B	Mykje god prestasjon. Studenten har mykje gode kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse.
C	Jamt god prestasjon som er tilfredsstillande på dei fleste områda. Studenten har gode kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse.
D	Akseptabel prestasjon med nokre vesentlege manglar. Studenten har nokså gode kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse.
E	Prestasjonen tilfredsstillar minimumskrava, men heller ikkje meir. Studenten har oppfylt minimumskrava som blir stilt til kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse.
F	Prestasjon som ikkje tilfredsstillar dei faglege minimumskrava. Studenten har <i>ikkje greidd</i> på grunn av vesentlege manglar når det gjeld kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse.

### § 3-5 Eksamensordning

Styret sjølv gir forskrift om avlegging av og gjennomføring av eksamenar, prøver og anna arbeid, jf. lov om fagskoleutdanning § 6, fjerde ledd. Dette omfattar vilkår for å gå opp til eksamen eller prøve på nytt og vilkår for tilgang til ny praksisperiode. Styret kan gi forskrift om forhold som er spesielle for den einskilde eksamen.

### § 3-6 Tekniske fag

Eksamen vert gjennomført etter følgjande minimumsplan:

- a) *Hovudprosjekt*. Hovudprosjektet vert avslutta med ein tverrfagleg prosjekteksamen som inneheld eit individuelt oppsummeringsnotat og ein munnleg eksaminasjon. Det vert gjeve ein samla karakter.
- b) *LØM-eksamen*. Emnet som omfattar dei tre LØM-faga (organisasjon og leiing, økonomistyring og marknadsføringsleiing) vert avslutta med ein tverrfagleg eksamen.
- c) *Andre emne*. Studenten skal ha eksamen i minimum to av dei andre emna.



### § 3-7 Helsefag

Eksamen vert gjennomført etter følgjande plan:

- a) I dei teoretiske emna blir emnekarakter gjeve på bakgrunn av innfridde arbeidskrav, skriftleg eksamen og annan aktivitet, med grunnlag i § 3-1 om vurderingsformer i denne forskrifta.
- b) Avsluttande eksamen er ei skriftleg fordjupingsoppgåve med munnleg eksaminasjon. Det vert gjeve ein samla karakter. For å kunne gå opp til avsluttande eksamen, må studentane ha utført obligatoriske arbeidskrav, gjennomført praksisstudiar med greidd resultat, samt greidd dei føregåande emna. Fråvær kan ikkje overstige 10 % i praksisperioden.

### § 3-8 Maritime fag

Det er eksamen i alle emne som er del av studiet kvart skuleår utanom i emna fysikk, matematikk og norsk kommunikasjon, der studenten vert trekt ut til eksamen i eitt av emna kvart skuleår, jf. «Nasjonalt Standard for vurdering for ettårige og toårige maritime fagskoleutdanningar».

### § 3-9 Grøne fag

- (1) Det vert halde to tverrfaglege eksamenar:
  - a) Ein tverrfagleg praktisk / munnleg eksamen.
  - b) Ein tverrfagleg skriftleg eksamen.
- (2) Praksisperioden må vere bestått for å kunne framstille seg til eksamen, og fråvær kan ikkje overstige 10 % i praksisperioden.

### § 3-10 Gjennomføring av eksamen etter avbrot av studium

Ein student som har brote ordinær studieprogresjon og kjem attende ved eit seinare høve for å fullføre utdanninga, må inngå skriftleg avtale med fagskulen om kva eksamenar som skal gjennomførast.

### § 3-11 Dokumentasjon

- (1) Studentar som fullfører og består ei utdanning, vil få utdelt vitnemål jf. § 5 i lov om fagskoleutdanning. Vitnemålet skal innehalde:
  - a) Emna som inngår i utdanninga.
  - b) Omfang av emna og oppnådd karakter skal førast på vitnemålet.
  - c) Overordna læringsutbytte.
  - d) Omtale av eventuell praksis.
  - e) Nivå i Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk (NKR) og kvalifikasjonen som vert oppnådd.
  - f) Karaktersystemet som vert nytta.
- (2) På vitnemål for teknisk fagskule skal fagretning, fordjuping og tittel på hovudprosjektet gå fram.
- (3) Ein student som ikkje har fullført heile utdanninga, kan be om ei karakterutskrift som syner fullført og bestått emne, eksamenar og eventuelle andre vurderingar.

### § 3-12 Avsluttande vurdering, eksamen og sensur

- (1) Styret delegerer til rektor på den einskilde skule å nemne opp sensor ved eksamen, prøve, vurdering av oppgåver eller anna arbeid når resultatet er del av vitnemålet eller vert rekna inn i karakter for utdanninga, jf. fagskulelova § 6.
- (2) Eksamensplanen for fagskulen skal vere tilgjengeleg tre månader før eksamen vert gjennomført. Skulen skal ha rutinar for å gjere studenten kjent med eksamensplanen som seier når og kvar det ligg føre sensur. Jf. fagskulelova § 6, tredje ledd, skal sensur liggje føre innan tre veker dersom ikkje

særlege årsaker gjer det naudsynt å bruke meir tid. Styret sjølv kan gjere unntak for enkelteksamenar og fastsetje lengre frist om det ikkje er mogleg å skaffe tilstrekkeleg med kvalifiserte sensorar som er naudsynt for å avvikle sensuren på tre veker.

### § 3-13 Rett til å gå opp til eksamen

- (1) Studentar som er tekne inn til eit emne eller eit studium ved fagskulen, har rett til å gå opp til dei eksamenar og prøver som høyrer til studiet eller emnet. Det er ikkje høve til å gå opp som privatist ved fagskulane. I kvart emne er det fastsett særskilde arbeidskrav som prøver, innleveringar eller krav om obligatorisk frammøte og/eller praksis som må vere fullført før eksamen kan gjennomførast. Nærare opplysningar om dette vert gitt i studieplanen. Studentar som ikkje oppfyller eller består arbeidskrava som er fastsett i studieplanen, har ikkje rett til å gå opp til eksamen.
- (2) Studentar som følgjer normalt skuleår, vert automatisk meldt opp til eksamen. Frist for å melde seg av eksamen er *tre veker før* eksamensdato. Dette gjeld også studentar som har meldt seg opp til ny eller utsett eksamen.
- (3) Ein student har rett til å ta eksamen ved fagskulen i same emne tre gonger. Ein student er å rekne som møtt til eksamen om han eller ho:
  - a) trekkjer seg etter frist for å melde seg av
  - b) ikkje møter på eksamen
  - c) ikkje leverer svar
  - d) møter på eksamen og trekkjer seg under eksamen
- (4) Fagskulen ved rektor kan gje dispensasjon for eit fjerde forsøk i spesielle tilfelle etter søknad frå studenten. Når ein student har teke eksamen på nytt, gjeld den beste karakteren. Gyldig fråværsårsak er sjukdom eller sterke velferdsgrunnar, og desse skal dokumenterast. Dokumentasjonen skal leverast/vere poststempla så raskt som mogleg og seinast innan *tre vekedagar* etter eksamen.
- (5) Det er mogleg å ta eventuell praksisperiode ein gong til om ein ikkje har greidd denne, med mindre anna er bestemt i studieplanen. Vedtak om ikkje bestått praksisperiode er eit enkeltvedtak, og studenten har klagerett. Sjå kap. 5. for korleis gå fram ved klage.
- (6) Når ein student ikkje fullfører studiet/emnet innan normert studietid og det i mellomtida er gjort vesentlege endringar i fag- eller studieplan, gjeld retten til å fullføre etter den opphavlege fag- eller studieplan i eitt år etter at endringa vart gjort gjeldande.

### § 3-14 Studieprogresjon ved dei maritime fagskuleutdanningane

Ved dei maritime fagskuleutdanningane må studenten ha bestått alle emna det første året for å ha rett til å gå vidare til emna på andre året. Studenten vil ikkje tape retten til å gå vidare til andre året før fristen for kontinuasjonseksamen har gått ut. Om studenten består kontinuasjonseksamen, vert ikkje retten til å gå vidare tapt. Ved tap av rettar har studenten klagerett. Sjå kap. 5. for korleis gå fram ved klage.

### § 3-15 Studieprogresjon ved dei tekniske fagskuleutdanningane

- (1) Ved dei tekniske fagskuleutdanningane kan studenten berre ha stroke i eitt emne for å kunne gå vidare med utdanninga.
- (2) Det er ikkje mogleg å utsetje eit emne fullt ut til året etter med mindre det ligg føre særskilde tilhøve. Det vil seie at dersom studenten ikkje har levert nokon av arbeidskrava i eit emne, vil studenten tape retten til å fullføre utdanninga. Rektor kan gje dispensasjon til å utsetje, eller ta opp att eit emne, ved særskilde høve etter søknad. Ved tap av rettar har studenten klagerett. Sjå kap. 5. for korleis gå fram ved klage.

### § 3-16 Studieprogresjon ved dei helsefaglege fagskuleutdanningane

Dei helsefaglege utdanningane er emnestrukturerte, og dei ulike emna byggjer på kvarandre. Ein student må ha bestått eit emne for å kunne fortsette i studiet på det neste. Alle emna og praksis skal vere bestått før studenten kan ta avsluttande eksamen. Rektor kan gje dispensasjon til å utsetje, eller ta opp att eit emne, ved særskilde høve etter søknad. Ved tap av rettar har studenten klagerett. Sjå kap. 5. for korleis gå fram ved klage.

### § 3-17 Krav om frammøte

Det er krav om 80 % frammøte til undervisninga ved Fagskolane i Hordaland. Studentar som ikkje fyller dette kravet, kan miste retten til å fortsette studiet. Ved tap av rettar har studenten klagerett; sjå kap. 5. om klage og klagehandsaming.

### § 3-18 Eksamen under særskilde vilkår

- (1) Studentar som av medisinske eller andre grunnar har behov for spesiell tilrettelegging ved den praktiske gjennomføringa av eksamen, må sende søknad til rektor ved den ein skilde skule om dette *seinast tre veker før eksamen*. Om det oppstår akutt behov for tilrettelegging, kan det gjerast unntak frå søknadsfristen. Søknaden må innehalde dokumentasjon frå sakkunnig instans (til dømes lege, logoped, psykolog) med omtale av behovet for særleg tilrettelegging i eksamenssituasjonen.
- (2) Særordningar kan vere spesiell fysisk tilrettelegging, bruk av særskilde hjelpemiddel og/eller utvida tid til eksamen, eller i spesielle tilfelle alternativ eksamensform. Døme på særordningar er: Eige eksamenslokale, bruk av PC, skrivehjelp, munnleg eksamen i staden for skriftleg, høgtlesing av oppgåva, høgtlesing av svara for korrektur, ekstra pausar med høve til å kvile, ammepausar og liknande.
- (3) Ved skriftleg eksamen med tilsyn kan det verte gjeve utvida tid med inntil 25 % av normal eksamenstid; maksimalt éin time.
- (4) Særordningar skal likevel vere slik at eksamensprestasjonen vert vurdert etter vanlege faglege kriterium.
- (5) Eventuelt avslag på søknad om tilrettelagt eksamen er eit enkeltvedtak, og studenten har klagerett. Sjå kap. 5. for korleis gå fram ved klage.

### § 3-19 Fusk og forsøk på fusk

- (1) Det vert vurdert som fusk om ein student nyttar ulovlege hjelpemiddel under eksamen eller prøve eller på andre måtar handlar i strid med eksamensreglement eller reglar om kjeldebruk bestemt av fagskulen. Om det under eksamenar eller prøver med tilsyn oppstår situasjonar som gjer at ein student kan mistenkast for fusk, skal studenten straks gjerast merksam på at forholda vil bli rapportert til administrasjonen ved fagskulen for vidare handsaming.
- (2) Studenten skal ha høve til å velje om han/ho ønskjer å avbryte eller fortsette eksamen. Det same gjeld for studentar som har hjulpet andre til fusk. Studentar som har fuska eller forsøkt å fuske, vil få eksamen eller prøve annullert. Det er styret ved klagenemnda som fattar vedtak om annullering (jf. § 3-20) på grunn av fusk eller forsøk på fusk, og eventuelle disiplinære sanksjonar (§ 4-1 tredje ledd).

### § 3-20 Annullering av eksamen

- (1) Styret ved klagenemnda kan annullere eksamen/emnekarakter om studenten har fuska eller er blitt tatt opp til utdanninga ved hjelp av falskt vitnemål eller anna form for utilbørleg oppførsel, jf. lov om fagskoleutdanning § 9. Høve til annullering vert ikkje forelda. Sjå § 4-1 tredje ledd i høve til disiplinære sanksjonar i samband med annullering på dette grunnlag.
- (2) Etter avgjersle om annullering skal eventuelt vitnemål eller karakterutskrift leverast tilbake til fagskulen. Om vitnemål eller karakterutskrift ikkje vert levert tilbake til skulen i rett tid, kan skulen krevje hjelp frå namsmannen i samsvar med reglane i tvangsfullbyrdingslova kap.13. Dannar vitnemålet grunnlag for autorisasjon for yrkesutøving skal fagskulen gje melding om annullering til vedkommande mynde.
- (3) Annullering av eksamen er eit enkeltvedtak, og studenten kan klage på vedtaket til Nasjonal klagenemnd for fagskoleutdanning. Sjå kap. 5. for korleis ein går fram ved klage og kva rettar studenten har ved disiplinære sanksjonar.

## Kapittel 4. Disiplinære sanksjonar

### § 4-1 Utestenging og bortvising

- (1) Ein student som trass skriftleg varsel frå fagskulen gjentekne gonger opptrer på ein måte som verkar grovt forstyrrande for medstudentar sitt arbeid eller for verksemda ved fagskulen elles, kan etter vedtak av styret ved klagenemnda verte bortvist frå fagskulen i inntil eitt år. Med bortvising meiner ein at studenten ikkje får delta i undervisning eller opphalde seg på skulen sitt område i bortvisningsperioden. Dersom ein student på trass av skriftleg varsel frå fagskulen ikkje etterkjem eit vedtak om bortvising, kan styret vedta å stenge ute studenten frå utdanninga i inntil eitt år. Med utestenging meiner ein her å miste retten til å fullføre studiet.
- (2) Styret ved klagenemnda, kan vedta at ein student som har skapt fare for liv eller helse - eller har oppført seg grovt usømeleg - overfor nokon studentane har møtt i samband med undervisning eller praksisopplæring, vert utestengt frå fagskoleutdanning med klinisk undervisning og praksisstudium, og vert fråteken retten til å gå opp til eksamen i slik utdanning ved fagskulen i inntil tre år. Det same gjeld dersom ein student har brote lovfesta teieplikt.
- (3) Styret ved klagenemnda kan vedta at ein student som har nytta falskt vitnemål, andre falske dokument eller anna form for uheiderleg åtferd, eller som har fuska eller forsøkt å fuske, vert utestengt frå all utdanning ved fagskule og vert fråtatt retten til eksamen ved fagskulen i inntil eitt år. Tilsvarende gjeld for ein student som forsetteleg har medverka til fusk.
- (4) Eit vedtak om bortvising eller utestenging av ein student kan berre fattast med minst to tredels fleirtal i styret ved klagenemnda. Studenten skal ha høve til å forklara seg før kvart vedtakspunkt. Vedtaket er eit enkeltvedtak, og studentane kan klage til Nasjonal klagenemnd for fagskoleutdanning. Sjå kap. 5. for korleis gå fram ved klage.

## Kapittel 5. Klage og klagehandsaming

### § 5-1 Klageinstans

- (1) Ved klage på karakterfastsetjing vert det gjeve ny sensur eller ny vurdering. Les om grunngeving for karakter under § 3-2, klage på mappeevaluering/emnevurdering under § 5-3 og eksamen under § 5-4.
- (2) Ved klage på bortvising, utestenging eller annullering av eksamen er det Nasjonal klagenemnd for fagskoleutdanning som er klageinstans. Ved alle andre klager er det styret ved klagenemnda som er ansvarleg for klagehandsaming. Klagenemnda består av minimum fem medlemmar etter følgjande

kvalifikasjonar; leiar og vara for leiar fyller dei lovfesta krava til lagdommarar og er ikkje tilsett ved fagskulen, to medlemmar frå Fagskolane i Hordaland og to studentar. Alle medlemmane har personleg vara, og mandatet til klagenemnda vert innretta i høve til forvaltningslova.

- (3) Klager som vert handsama av styret si klagenemnd, er som følgjer:
- a) formelle feil ved eksamen (t.d. feil ved oppgåveteksten, eksamensavvikling eller ved gjennomføring av sensur)
  - b) eksamen under særskilde vilkår
  - c) opptak
  - d) fritak eller innpassing av emne
  - e) tap av rettar

### § 5-2 Framgangsmåte og fristar

- (1) Alle klager skal sendast til den einskilde fagskule ved rektor, som anten sender klaga til handsaming for ny sensur eller til handsaming i styret si klagenemnd.
- (2) Studenten må sende klaga *seinast tre veker* etter at vedtaket er gjort kjent, eller han eller ho har hatt rimeleg høve til å gjere seg kjent med vedtaket. Studenten skal få svar på klaga seinast innan ein månad. Dersom klagehandsaminga tek lengre tid, skal klagar underrettast om dette skriftleg. Klaga skal vere skriftleg og sendast til fagskulen sitt post-mottak (e-post eller brev).
- (3) Klage over formelle feil ved eksamen må varslast *innan tre veker* etter at studenten er eller burde vore kjent med det forhold som gir grunnlag for klage.
- (4) Finn klagenemnda at det er gjort formelle feil, og det er rimeleg å tru at dette kan ha vore viktig for prestasjon eller vurdering for ein eller fleire studentar, skal det gjennomførast ny sensur, eller haldast ny eksamen så snart som mogleg.
- (5) Den skriftlege klaga skal innehalde:
  - a) kven som klagar (namn, adresse og studentnummer)
  - b) vedtak det vert klaga over
  - c) kva klaga gjeld og grunngjeving for denne
  - d) dato og underskrift/er

### § 5-3 Klage på mappevurdering/emnekarakter

- (1) Studenten har rett til å klage på karakterfastsetting ved alle prøver og innleveringar som har konsekvens for avsluttande vurdering i eit emne. Ved klage på karakter ved prøver eller innleveringar må studenten setje fram klage innan tre veker frå karakteren var gjort kjent, eller tre veker etter at studenten har fått grunngjeving. Ved klage på endeleg karakter ved mappevurdering/emnekarakter er det berre mogleg å klage på sluttvurderinga og ikkje på enkeltstående prøver og innleveringar tilbake i tid.
- (2) Om studenten set fram klage på karakter ved prøve, innlevering og andre arbeidskrav som har konsekvens for avsluttande vurdering, skal det verte gjort ei ny fagleg vurdering av ein annan part. Studenten vert oppmoda til å be om grunngjeving før det vert sett fram klage.
- (3) Ved klage på avsluttande vurdering i høve til mappevurdering/emnekarakter kan studenten berre klage på summen av karakterfastsettinga; det vil seie den totale vurderinga av dei karakterane som er del av mappevurderinga/emnekarakteren. Studenten har rett på grunngjeving for karakterfastsetting. Ved klage på mappevurdering/emnekarakter skal det gjerast ny vurdering av ein annan fagskule. Karakterfastsetting ved klagehandsaming etter denne paragraf kan ikkje påklagast.

- (4) Ved klage over karakterfastsettinga på gruppeeksamen (der ein får gruppekarakter) må alle gruppemedlemmene samla samtykke i og skrive under på klaga.

#### **§ 5-4 Klage på eksamen**

- (1) Ved klage over karakterfastsetting ved ein eksamen skal to nye sensorar nyttast. Ny sensur skal liggje føre innan same fristar som gjeld for ordinær eksamen. Endring kan gjerast både til gunst og ugunst for klagar. Karakterfastsetting ved ny sensur etter denne paragraf kan ikkje klagast på.
- (2) Om den endelege karakteren blir fastsett på grunnlag av ei munnleg prøve/justering i samanheng med ein skriftleg deleksamen, og klagar får medhald i klage på sensuren av den skriftlege delen av eksamen, skal det haldast ny munnleg eksamen før ny endeleg karakter kan setjast.
- (3) Vurdering av munnleg prestasjon eller anna vurdering som på grunn av type prøve ikkje let seg etterprøve, kan ikkje klagast på med mindre det gjeld formelle feil ved eksamen.

## **Kapittel 6. Avsluttande føresegner**

#### **§ 6-1 Mindre endringar i forskrifta**

- (1) Administrasjonen ved Opplæringsavdelinga i Hordaland fylkeskommune har rett til å gjere mindre endringar i denne forskrifta slik at den er i tråd med gjeldande lover og tilhøyrande forskrifter og krav som er sett fram av Nasjonalt organ for kvalitet i utdanningen (NOKUT).

#### **§ 6-2 Ikraftsetjing og oppheving**

- a) Denne forskrifta trer i kraft 05.05.2017.
- b) Samtidig vert reglement for Fagskolane i Hordaland gjeldande frå 15.09.2016 oppheva.

**PS 10/17 Ymse**